


Heidi Gjermundsen Broch
blir Evita

OBOS-
medlemmer
opplever mer
for mindre!

Som OBOS-medlem får du rabatt på Det Norske Teatret

Som OBOS-medlem stiller du foran i køen den dagen du skal kjøpe egen bolig. Du får også en rekke fordeler alle de årene du ikke benytter deg av forkjøpsretten:

- Inntil 50 % rabatt på bolig- og kulturtilbud.
- Svært gode betingelser på lån, sparing og forsikring.
- Forkjøpsrett til 80 000 nye og brukte OBOS-boliger.



BLI MEDLEM:

www.obos.no eller send sms: **OBOS** til **2030**.

EVITA av Tim Rice og Andrew Lloyd Webber
Omsetjing: Ola E. Bø. **Regissør:** Svein Sturla Hungnes.
Musikkansvarleg: Atle Halstensen. **Koreograf:** Marianne Skovli Aamodt. **Scenograf:** Ola Bråten. **Kostymedesignar:** Mette Welle Jacobsen. **Lysdesignar:** Torkel Skjærven. **Lyddesignar:** Jostein Reistad. **Kapellmeister:** Svein Erik Kristoffersen. **Musikalsk innstudering:** Svein Erik Kristoffersen/Ståle Sletner. **Dramaturg:** Carl Morten Amundsen. **Med:** Heidi Gjermundsen Broch, Jon Bleiklie Devik, Frank Kjosås, Ingeborg S. Raustøl, Sigve Bøe, Niklas Gundersen, Espen Løvås/Sigurd Myhre, Unn Vibeke Hol, Hilde Olausson, Trond Teigen, Øyvind Berven, Ragnar Dyresen, Kristin Grue/Silje Storstein, Grethe Ryen, Benjamin Nordin, Gustav Anderas Kvale, Olav André Gravseth, Mari Baade, Anette Amalie Larsen, Sandra Gerecke, Lisbeth Sandnes Espeland. **Musikkarar:** Ole Marius Melhuus, Mats Grønner, Christian Svensson, Silje Haugan, Erik Eilertsen, Åsbjørg Ryeng.

JUNGLBOKA av Rudyard Kipling. **Ei dramatisering av Alexander Mørk-Eidem, bearbeidd av Erik Ulfsby og Line Grünfild.** **Omsetjing:** Ola E. Bø. **Regissør:** Erik Ulfsby. **Koreograf:** Belinda Braza. **Scenograf:** Even Børsum. **Kostymedesignar:** Ingrid Nylander. **Musikkansvarleg:** Atle Halstensen. **Maskedesignar:** Stig Wedvik. **Lysdesignar:** Per Willy Liholm. **Lyddesignar:** Nikolai Bergstrøm. **Dramaturg:** Ola E. Bø. **Med:** Kash King Gashamura, Geir Kvarme, Lars Jacob Holm, Pål Christian Eggen, Nina Woxholt, Jonas Digerud, Niklas Gundersen, Svein Roger Karlsen, Jon Eivind Gullord, Charlotte Frogner, Belinda Braza, Marikken Heitkøtter Bratlie, Marcus Andreassen, Johannes Andresen Berrum, Fabian Svegaard Tapia. **Musikkarar:** Øystein Tengedal.

ZOO av Jonas Corell Petersen m. fl. **Omsetjing:** Gyrid Axe Øvsteng. **Regissør:** Jonas Corell Petersen. **Scenograf og kostymedesignar:** Nia Damerell. **Komponist og lyd-designar:** Gaute Tønder. **Lysdesignar:** Tilo Hahn. **Med:** Kyrre Hellum, Joachim Rafaelsen. **Musikkarar:** Gaute Tønder.

SORGA KLER ELEKTRA av Eugene O'Neill. **Omarbeiding:** Cecilia Ölveczky og Ola E. Bø. **Regissør:** Erik Stubø. **Scenograf og kostymedesignar:** Kari Gravklev. **Musikkansvarleg:** Steinar Sønck Nickelsen. **Lysdesignar:** Torkel Skjærven. **Videodesignar:** Boya Bæckman. **Lyddesignar:** Vibeke Blydt-Hansen. **Dramaturg:** Cecilia Ölveczky. **Med:** Torbjørn Eriksen, Kirsti Stubø, Lasse Kolsrud/Pål Christian Eggen, Jan Grønli, Gjertrud Jynge, Espen Løvås, Marie Blokhus/Kristin Grue. **Musikkarar:** Stein Sønck Nickelsen, Erik Nylander, Håvard Stubø.

33 VARIASJONAR av Moisés Kaufman. **Omsetjing:** Agnes Ravatn. **Regissør:** Hilde Andersen. **Scenograf og kostymedesignar:** Kari Gravklev. **Lysdesignar:** Torkel Skjærven. **Dramaturg:** Ola E. Bø. **Med:** Marianne Krogh, Kirsti Stubø, Per Schaanning, Jan Grønli, Hildegund Riise, Kyrre Hellum, Bjørn Skagestad. **På klavér:** Gunilla Süssmann.

GJØGLAREN av Gyrid Axe Øvsteng etter ei gammal legende. **Musikk:** Svein Erik Kristoffersen. **Regissør:** Bjørn Sæter. **Scenograf og kostymedesignar:** Unni Walstad. **Musikkansvarleg:** Svein Erik Kristoffersen. **Lysdesignar:** Ola Bråten. **Dramaturg:** Mari Moen. **Med:** Silje Storstein, Tomm Percy, Bernhard Ramstad, Grethe Ryen, Ingeborg S. Raustøl, Kristin Grue, Ragnar Dyresen, Frank Kjosås.

DEI SEKSUELLE NEVROSANE TIL FORELDRA VÅRE av Lukas Bärfuss. **Omsetjing:** Ragnar Hovland. **Regissør:** Carl Johan Karlson. **Dramaturg:** Carl Morten Amundsen. **Med:** Charlotte Frogner, Ragnhild Hilt, Bernhard Ramstad, Geir Kvarme, Svein Roger Karlsen, Pål Christian Eggen, Jorunn Kjellsby.

BJØRNEN av Anton Tsjekhov, i ein versjon av Michael Frayn. **Omsetjing:** Ola E. Bø. **Regissør:** Kristina Kjeldsberg. **Dramaturg:** Mari Moen. **Med:** Silje Storstein, Sigurd Myhre.

DØSDANSEN av August Strindberg. **Omsetjing:** Margunn Vikingstad. **Regissør:** Sigrd Strøm Reibo. **Dramaturg:** Line Rosvoll. **Med:** Paul-Ottar Haga, Ingrid Jørgensen Dragland, Gard Skagestad.

HIMMLERS FØDSELS DAG av Thomas Bernhard. **Omsetjing:** Jon Fosse. **Regissør:** Morten Borgersen. **Dramaturg:** Mari Moen. **Med:** Ståle Bjørnhaug, Britt Langlie, Gjertrud Jynge.

FUCK MY LIFE av Per Olav Sørensen og Pol Heyvaert. **Regissør:** Per Olav Sørensen. **Regiassistent:** Ingunn Beate Øyen. **Dramaturg:** Line Rosvoll. **Med:** Ti ungdommar.

KJÆRE LANDSMENN! av Herborg Kråkevik m.fl. Ein samproduksjon mellom Herborg Kråkevik og Det Norske Teatret. **Regissør:** Erik Ulfsby. **Dramaturg:** Ola E. Bø. **Musikkarar:** Kjetil Bjerkestrand, Bernt Rune Stray. **Med:** Herborg Kråkevik.

VI SOM ER HUNDRE AV Jonas Hassen Khemiri. **Omsetjing:** Marit Tusvik. **Regissør:** Trine Wiggen. **Dramaturg:** Carl Morten Amundsen. **Med:** Kristin Grue, Ingunn Beate Øyen, Ragnhild Hilt.

FORVENTNINGAR

PÅ TEATRET HANDLAR DET meste om forventningar. Dei kjem til syne på første leseprøve for noko har hatt sjanse til å gå gale. Alle er fast bestemte på å lage verdas beste, mest morosame, tristaste eller sterkaste framsyning. Det er kanskje ei form for sjølvbedrag, men eg trur dette sjølvbedraget kan vere nyttig. For det styrkar motivasjonen. Det får oss til å yte meir. Vi har store forventningar til kva publikum skal få oppleve. De har sjølvsagt også forventningar. Det er desse publikumsforventningane vi lever av.

DET FINST MANGE GRUNNAR til å gå på teater, men heile tida handlar det om forventningar. Nokon vil la seg underhalde, andre ønskjer kjenslemessige djupdykk, eksistensielle opplevingar eller stille refleksjon. Publikum har jo ikkje sett framsyninga, så grunnen til at dei går og kjøper seg ein billett, må vere ein annan. Kanskje har dei lese om framsyninga i avisa, kanskje likar dei ein eller fleire av skodespelarane særleg godt, kanskje har nokon snakka om denne framsyninga på jobben, kanskje kjenner dei stykket frå før og vil sjå det i ein ny versjon, kanskje har dei ganske enkelt tillit til at det dei får sjå på Det Norske Teatret, er verd å sjå. Vi sel ofte billetter berre på forventningane hos folk. Er førehandssalet stort, er forventningane ekstra store. For framsyninga finst gjerne ikkje på salstidspunktet. Marknadsavdelinga må ofte skryte av noko som framleis berre er ein draum, skryte av ei rad forventningar om ei fabelaktig framsyning som blir ferdig om ein fire vekers tid eller kanskje sju.

SAMFUNNET HAR NATURLEG NOK forventningar til oss. Det er bra. Det truar ikkje den kunstnarlege fridomen. Det er uttrykk for at samfunnet meiner at det vi held på med er viktig. Vi har teke initiativ til ei eiga skodespelarutdanning. Vi gjer det fordi vi meiner at det kulturelle mangfaldet som finst i samfunnet også må kunne speglast på scenen. Fire unge menneske startar denne hausten skodespelarutdanninga si her på Det Norske Teatret gjennom prosjektet Det Multinorske. Samfunnet har også forventningar om at Det Norske Teatret er eit kvalitetsteater. Det er gledeleg å registrere at desse forventningane blir innfridde. Sesongen 2011/2012 gav Det Norske Teatret åtte Hedda-nominaasjonar og fire prisar: Årets framsyning, Beste kvinnelege hovud- og birolle, og Beste mannlege birolle. Andreas Wiese i Dagbladet skriv at Det Norske Teatret «har klart å markere seg som Teater-Norges mest produktive, spennende og varierte teaterhus med et variert repertoar kombinert med høy kvalitet.»

SLIKE GODORD INSPIRERER til meir arbeidsinnsats, og fører til at vi stiller større krav til oss sjølve. Og dei er med på å skape nye forventningar hos publikum. Og det er publikum vi er til for. Det er lov å ha store forventningar.



Erik Ulfsby, teatersjef

Erik Ulfsby

Utgjevar: Det Norske Teatret, Erik Ulfsby
Redaktør: Ida Michaelsen
Redaksjonsadresse: Informasjonsavdelinga Det Norske Teatret, Kristian IVs gate nr. 8, 0164 Oslo
E-post: info@detnorsketeatret.no
Telefon: 22 47 38 00
www.detnorsketeatret.no
Redaksjonen avslutta 22. juni 2012

det norske teatret

Annonser: Christine Sørkedalen
Tlf. 92 82 03 89

Framsidedfoto: Siren Høyland
Design: Concorde Design
Språkkonsulent: Arne Torp/
Unn C. Fyllingsnes
Trykk og repro: Merkur-Trykk
Opplag 25 000

Medlem av

BILLETLUKA
Billettbestilling pr tlf: 22 42 43 44
Måndag 10-17
Tysdag-fredag 10-19
Laurdag 11-17
Ekspedering i foajeen:
Måndag-laurdag frå kl. 11.00

www.detnorsketeatret.no - heile døgnet

DET NORSKE OBOS

INNHALD/ REPERTOAR HAUST 2012




ZOO

SCENE 2 PREMIERE 31. AUGUST

Jonas Corell Petersen er ein mann å merke seg. Regissøren bak *Unge Werthers lidningar* er kjend for ein sterk signatur i arbeidet sitt og blir omtalt som ein «rising star». I *ZOO* har han improvisert og leikt fram teksten saman med skodespelarane. Her forskar dei i eksistensiell tematikk.

SIDE 18, 20-21, 23



EVITA

HOVUDSCENEN PREMIERE 5. SEPTEMBER

Musikalen *Evita* blir for første gong sett opp i Oslo. Heidi Gjermundsen Broch skal portrettere fattigjenta Eva Perón som gjennom ekteskapet med Juan Perón stig opp på den politiske catwalken og erobrar ein ikonisk status i heimlandet Argentina. Myten om Evita er framleis sterk, 60 år etter at ho døydd, berre 33 år gammal.

SIDE 6-15, 27, 37, 51, 53



JUNGELBOKA

HOVUDSCENEN NYPREMIERE 6. OKTOBER

Kultframsyninga *Jungelboka* er tilbake etter stort påtrykk. Haustens utgåve er ein vidareutvikla versjon av *Jungelboka* frå 2008. Framsyninga blei ein publikumsfavoritt på grunn av den eksplosive blandinga av konsert, teater, popkultur, kampscenar med filmatiske undertonar og hiphop.

SIDE 24-25, 27, 30-31



33 VARIASJONAR

SCENE 2 NOREGSPREMIERE 12. OKTOBER

Kathrine Brandt er livstrugande sjuk og lidenskafeleg opptatt av Beethovens 33 variasjonar. Desse skreiv han over ein liten vals komponert av forleggjaren Diabelli. Kvifor brukte den store komponisten dei siste åra av livet på eit ubetydeleg, lite musikkstykke?

SIDE 19, 34-35



GJØGLAREN

SCENE 2 NYPREMIERE 8. NOVEMBER

Betagende for barn og voksne» skreiv Aftenpostens kritiker i fjor om den visuelle og vakre familieframsyninga *Gjøglaren*. Ei gammal legende frå middelalderen får nytt og poetisk liv i forteljinga om den vesle tiggarguten Giovanni.

SIDE 41



DEI SEKSUELLE NEVROSANE TIL FORELDRA VÅRE

SCENE 3 PREMIERE 29. AUGUST

Kven er egentleg normal? I *Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre* møter vi Dora, som vaknar opp frå ein barndom prega av psykisk kontroll og nervemedisinar. Samfunnet er ikkje førebudd på unge Doras møte med verda. Ho er ustyrlig, lever utan hemningar og har ein umetteleg seksuell appetitt.

SIDE 16-17



DØDSDANSEN

SCENE 3 PREMIERE 20. SEPTEMBER

Ekteparet Alice og Edgar feirar snart sølvbryllaup, og etter 25 år har dei gjort det til ein vane å plage kvarandre. Når vennen Kurt kjem på besøk går det på livet laus. Det er i år 100 år sidan August Strindberg døydd. Mange av stykka hans hentar tema frå hans eige stormfulle liv og kompliserte forhold til kvinner.

SIDE 28-29



BJØRNEN

SCENE 3 PREMIERE 2. OKTOBER

Bjørnen frå 1888 er ein einaktar frå Anton Tsjekhofs hand, som han sjølv kallar ein spøk. I denne korte komedien set han fingeren på kor latterleg det kan vere å halde fast ved prinsipp for prinsippa si skuld.



HIMMLERS FØDSELSDAG

SCENE 3 PREMIERE 18. OKTOBER

Ein komedie om den tyske sjela, er undertittelen på *Himmlers fødselsdag*. Her møter vi Rudolf Höller, ein tidlegare SS-offiser, som lenge etter krigen ikkje har gitt slepp på dei nasjonalsosialistiske ideane. Kvart år feirar han fødselsdagen til den store Riksføraeren.

SIDE 19, 42-43



FUCK MY LIFE

SCENE 3 PREMIERE 22. NOVEMBER

I *Fuck My Life* møter vi 10 ungdommar frå Oslo som fortel sine eigne historier. På Scene 3 får vi eit usminka bilete av ungdom i Oslo anno 2012, både i tekst og framføring. Prosjektet er basert på eit likande prosjekt som vart gjennomført i Irland i 2009.

SIDE 38-39

I REPERTOAR

SCENE 2

Sorga kler Elektra frå 19. september
Kjære landsmenn frå 7. september
Unge Werthers lidningar frå 6. desember

SCENE 3

Vi som er hundre frå 29. september

GJESTESPEL

Silbajávri (Solvvannet), Beavivváš Sámi Našunálateáhter 6. og 7. november

KVAR VEKE: Lunsj&Lyrikk

KVAR FREDAG: Bikubekveld

KVAR VEKE: Eventyrforteljetheaterstund



FRÅ HEIDI TIL EVITA

Heidi Gjermdusen Broch skal gi liv til Evita. Ikkje berre skal ho føre og te seg som Latin-Amerikas mest kjente kvinne, ho skal også likne henne i utsjånad.

FOTO SIREN HØYLAND, ANNIE ANDERSSON, MARCEL LELIËNHOF

VI STILTE FØLGJANDE TO SPØRSMÅL til dei sentrale aktørane bak den aller første visuelle presentasjonen av *vår Evita*:

1: Kva for førebuingar ligg bak bidraget ditt?

2: Kva vil du at uttrykket til *Evita* skal signalisere?



Fotografen tar grep:
Marcel Leliënhof instruerer
Heidi Gjermundsen Broch.

FOTOGRAFEN MARCEL LEIËNHOF

1:

Eg er jo vel bevandra i *Evita* sidan kona mi har spelt den rolla både her i Oslo og i Stavanger. Eg har studert bilde av Evita Peron og filmopptak av henne. Det er sjølvsgagt viktig at teatret får det visuelle uttrykket dei vil ha og at eg er samstemt med regissøren.

2:

Eg har alltid sett Evita som ei sterk kvinne i ein fragil kropp, som kjempar mot indre og ytre demonar, og dette er det bildet eg har prøvd å skape.



TITTELROLLA HEIDI GJERMUNDSEN BROCH

1:

For meg er dette med foto til plakate og annonse alltid ein merkeleg situasjon i vere i, for vi tar bilda lenge før eg veit noko om kva for ei framsyning vi skal lage og korleis eg skal forme rolla mi. Så eg møter opp til maskeavdelinga og blir sminka og ordna på håret og får på meg eit kostyme. Denne gongen ein vakker kjole, og den likte eg godt! Så gjeld det for meg å finne meg til rette i det eg ser i spegelen, finne ei sjølvkjensle i alt det ukjende. Ikkje minst må eg finne sjølvtiliten som eg treng i bøtter og spenn til ein slik fotoseanse. Eg mislikar det ikkje, men det er ein krevjande situasjon å vere i, og eg er alltid heilt skutt når vi er ferdige. Denne gongen var det Marcel Leliënhof som tok bilda. Han er ein fantastisk fotograf eg har jobba med fleire gonger, og tryggleiken eg får av han gjer fotosituasjonen nesten til ein lek oppi alt det utfordrande.

2:

Det er vanskeleg for meg å svare på dette, for eg gjer det eg blir beden om, så godt eg kan når vi tar bilda, og vi tar gjerne mange bilde med mange uttrykk. Denne gongen kom også regissøren Svein Sturla Hungnes til fotostudioet. Det er ikkje så vanleg, men han og Marcel jobba godt i lag. Dei var ute etter eit sterkt uttrykk, ei sterk dame, med sterk vilje og glede ved å ha makt. Så vi jobba i mange retningar innanfor desse stikkorda. Kva for eit uttrykk ein ender opp med og kva ein vil signalisere er ikkje opp til meg. Det er det fotografen, regissøren og marknadsavdelinga (og kanskje fleire?) som bestemmer. Så eg kryssar armar og bein og håpar dei vel eit bilde som høyrer til og representerer framsyninga når vi etter kvart ser kva for ei framsyning som tar form. →



Klassisk Evita:

Regissør Svein Surla Hungnes hjelper Heidi med å finne fram «Evitaen» i seg sjølv. Kva med å prøve den ikoniske Evita-posituren med begge armene opp?



REGISSØREN SVEIN STURLA HUNGNES

1:
Førebuingane er tosidige i den rolla eg har. Først og fremst må eg utforske tida, dama og situasjonen ho er i. Derneft skal eg forsøke å finne forma på framsyninga. Vi hadde to andre versjonar på blokka før vi landa på den endelege. Eg må ha bilde i hovudet for å kunne jobbe fram eit uttrykk, eg tenkjer veldig scenografisk så å seie. Heile det samla uttrykket var i utgangspunktet nokså naturalistisk. Så fann vi fram til ei form som var meir stilisert. Men eg var redd det skulle bli for kaldt og kjøleg, så vi har henta inn argentinske måleri for å gi sensualitet og varme til framsyninga. I tillegg har vi gitt tangoen ein meir framtrudande plass. Eg legg jo mykje av føringane for produksjonen gjennom mine vurderingar. Eg ville ha fram at Evita er eit produkt av denne tida og at menneska til ei kvar tid har behov for å skape stjerner, ikon og førebilde som dei lagar mytar om. Eva Peron hadde alt som skulle til og brukte den politiske catwalken til det fulle.

2:
Eg ville gi Evita eit uttrykk som om ho var overjordisk, eller litt overmenneskeleg. Ho er forfengeleg, moteorientert og har ein mytisk framtoning. Ho skulle vere tydeleg og skarp, samstundes skal ein kunne sjå at det er eit menneske bak maska, for det er ei maske vi syner fram. Eg trur nemleg denne bobla hadde broste om ikkje Eva Peron hadde døydd i ung alder. →



Hårfint:

På fotoshooten sette Nina Bloch frå maskeavdelinga ei flette på Heidi. I framsyninga vil ho nytte ein stad mellom seks og åtte ulike parykkar. Det tek 40 timar å knyte ein parykk.

Evita

Presidentfrue, feminist og moteikon.

Karakteren Evita er så myteomspunnen og dyrka at det er lett å gløyme at kvinna Eva Perón – og den eventyrlige historia hennar – er høgst verkeleg.

Historia om fattigjenta frå den argentinske landsbygda begynner for alvor i det ho trer inn på den politiske catwalken gjennom ekteskapet med Juan Perón.

Eva Peron var skodespelar og artist, men nådde stjernestatus som førstedame og blei nærast dyrka som helgen blant folket. Eva Perón blei gjenstand for ei intens, nærast mytisk beundring på 40- og 50-talet.

Kampen mot fattigdommen, for kvinnerettar og arbeidarane sine kår gjorde henne grenselaust populær, og etter sin tidlege død i ein alder av 33 år, blei posisjonen hennar ytterlegare forsterka.





Konsentrasjon:
Ein kjent, men merkeleg situasjon for Heidi. Enno veit ho veldig lite om rolla ho skal spele.

MASKEDESIGNAREN

NINA BLOCH

1:

Eg gjorde litt research før fotograferinga. Det var mykje stress nett då, for vi hadde ei svær satsing på Hovudscenen på same tida som kravde både tid og tankar. Men eg snakka med Mette Jacobsen som er kostymedesignaren på *Evita* og fann fram ulike bilde av Eva Peron som kunne tene som inspirasjon. Eg skulle lage den blonde og mest kjende versjonen av henne. Eg rakk ikkje å prøve sminka eller parykken på Heidi Gjermundsen Broch før sjølv fotooptaket, men det funka jo bra likevel.

2:

Eg ville at Heidi Gjermundsen Broch skulle likne på den originale Eva Peron. Utstråling og karakter måtte ho og fotografen finne fram til i fellesskap. Heidi har jo denne eigenskapen; ho er ein skodespelar med sterk karisma og utstråling, så eg rekna



med at det skulle gå fint. Det er ofte slik at vi i maskeavdelinga er med på å hjelpe skodespelaren med å finne fram til karakteren. Sminke og parykk definerer karakteren til ein viss grad og er med på å bygge rolletolkinga. I alle fall om vi er samde i uttrykket; i motsett fall kan det jo verke øydeleggjande for arbeidet til skodespelaren. Men denne gongen trur eg vi fann fram til ei Evita som alle kjende igjen og kunne like.

MARKNADSSJEFEN


JOHAN DYRING

1:

For å treffe marknaden med budskapet vår er det viktig å setje seg inn i kva vi skal formidle. Derfor startar vi heile prosessen med eit møte der regissør, scenograf, grafisk designar og marknadssjef deltar. Her går vi gjennom kva vi bør leggje vekt på i marknadskommunikasjonen. Med dette som utgangspunkt lagar vi marknadsplanar og reklamemateriellet vi skal bruke. Arbeidet starta tidleg. Meir enn 6 månader før premieren og lenge før framsyninga har funne si endelege form. Musikalen *Evita* er ei kjend merkevare med Heidi Gjermundsen Broch i hovudrolla, noko som gjorde denne prosessen enkel. Andre gonger kan det vere meir komplisert å komme fram til eit godt resultat.

2:

Som marknadssjef ønskjer eg at uttrykket vi lagar skal kommunisere effektivt i dei mediekanalane vi vel. Folk skal vite at framsyninga blir spelt hos oss og dei skal få lyst til å kjøpe billetter. ■



Resultatet:
Heidi Gjermundsen Broch forvandla til ei vakker, elegant og skarp førstedame. Ikkje ulik Eva Perón, eller?

EI KLASSEREISE

- Kven eg er? Kven er du då?

Eg har bede Carl Johan Karlson fortelje meg kven han er. Han sit på kontoret mitt og himlar med auga. Korleis eg kunne stille han eit sånt spørsmål.

TEKST CARL MORTEN AMUNDSEN FOTO SIREN HØYLAND

Ein eller annan stad må vi jo begynne, forsvarar eg meg med.

– Ok, då! Eg er 28 år og registudent på det som heitte Dramatiska institutet, og som nå heiter Stockholms dramatiska högskola. Eg er ein klassereisande frå ein drabantby utanfor Stockholm. Eg sette meg på kassettoget ute i forstaden, og eg er komen ganske langt på den reisa nå. Seksualiteten min førte meg bort frå drabantbyen. Eg måtte reise for å finne noko, men også for å ta avstand. Eg ville vise dei! I det miljøet eg vaks opp, var det ikkje plass for å leve det livet eg ville leve. Eg drog til storbyen, eg engasjerte meg politisk, og der fann eg også teatret.

Vi snakkar om klasse. Svenskane er meir medvitne om kva for slags klasse dei høyrer til enn vi nordmenn.

– Kulturlivet sym over av middelklasse. Eller kanskje det alltid har vore sånn? Suzanne Osten samla alle studentane på skolen og bad dei stille seg i grupper etter kva klasse dei høyrde til. Førte stilte seg i middelklassegruppa, tre i arbeidarklassegruppa! Forresten var det tre som såg seg sjølve som øvre middelklasse. Blant dei var ein dramatistarstudent som nett har skrive eit stykke som handlar om kor dårleg den svenske overklassa vert behandla. Det høyrer jo litt underleg ut, sjølv sagt. Ein slags utilsikta ironi. Denne fyren likar jo elles å snu saker og ting på hovudet. Eg for min del meiner at eit samfunn vert målt etter korleis ein behandlar dei dårlegast stilte. Det hjelper ikkje stort at middelklassa blir større eller får betre råd. I Sverige blir det stadig fleire fattige. Det synest eg seier det meste om korleis det går med landet.

Sånn er det her også, og i heile den vestlege verda.

– Men vi byggjer ned velferdsordningane. Vi fjernar tryggleiksnettet. Eg er saman med ein overklassegut, forresten.

Riktig overklasse?

Carl Johan nikkar og smiler skjelmisk.

Du meiner sånn svensk overklasse? Adel?

– A-a. Det er sånn med homsar og utviklingshemma, det er berre vi som kan bevege oss mellom klassene. Det går bra, men det føreset at vi er opne for at vi er ulike, og leve med det.

Sei litt om utdanninga og yrkesbakgrunnen din.

– Eg har bakgrunn som skodespelar, eg har registrert, eg har drive med stand up og dragshow. Eg spelte Britney Spears, forresten, på Stockholms Stadsteater. Eg har jobba for RFSL (Riksförbundet för sexuell likabehandling), med psykisk utviklingshemma, og så har eg studert genusvitenskap.

Biografien din, seksualiteten, klassereisa, yrkesbakgrunnen og det politiske engasjementet ditt, fører oss naturleg til dette stykket av Lukas Bärfuss, gjer det ikkje?

– Det er klart. Stykket drøftar, slik ser eg det iallfall, vilkåra for deltaking i samfunnet. Samfunnet blir ikkje definert i midten, men i periferien, der grensene går. Kven er med, og kven fell utanfor? Slik er det i kunsten også. Eg innrømmer at eg er litt lei teater om middelklassepar som kanskje skal skiljast, men som vel å kjempe vidare. Eg har langt på veg bygt identiteten min på det å vere utanfor norma. Eg trur eg er blitt ganske god på å vere ein slik person. Eg utnyttar dette i arbeidet også. Historiene mine er alltid verst. Eg nyttar det rommet som oppstår når folk blir paffe, når dei blir ille ved. Dette stykket beveger seg i det same landskapet. Det handlar om ein person som er for ung og for dum, eller «urøynd» er kanskje betre, ei som har lyster utanfor norma. Dora i stykket vaknar seksuelt, men manglar det moralske blikket. Og ho insisterer på å få barn! Ein ser kor frykteleg samfunnet reagerer. Vaksenverda er stappfull av dobbeltmoral. Og det er igjen eit klassespørsmål. Ein snakkar om valfridom, men ikkje om fridom. Du må alltid berre velje mellom dei alternativa som finst. Er det fridom? Nå skal ein plutseleg ha ansvaret for eigen pensjon. Men du kjenner ikkje samanhengane. Ingen gjer det. Det er ikkje mogleg å gjennomskode konsekvensane av dei ulike alternativa. Det er ufridom, ikkje fridom.

Du ser på *Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre* som eit politisk skodespel?

– Det handlar ikkje om staten eller samfunnsinstitusjonane. Det handlar om samfunnet forstått som menneskeleg fellesskap, normer, haldningar, alt det som ikkje er formulert i lover og reglar. Det er kanskje endå meir politisk enn det politiske. Er det ikkje?

REGISSØREN

Carl Johan Karlson

Regisserer *Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre* som den første av tre praksisframvisningar i avgangsåret ved Stockholms dramatiska högskola.

EKSISTENSIELL ZOOLOGI

«..et gjennomført uttrykk for tysk regiteater» skreiv Klassekampens kritiker etter premieren på den omstridde publikumssuksessen *Unge Werthers lidingar* hausten 2010. Framsyninga var regissør Jonas Corell Petersens regidebut, og det blir gjensyn med unge Werther frå 6. desember på Scene 2. Petersen er kjend for ein sterk signatur i arbeidet sitt og blir omtalt som ein «rising star». I ZOO har han improvisert og leikt fram teksten saman med skodespelarane. «ZOO er en overraskende morsom forestilling, som samtidig er underfundig og med underliggende mørk tematikk», skreiv Dagsavisens kritiker etter premieren i 2011. På Det Norske Teatret har teamet bak framsyninga fått fire nye veker til å vidareutvikle konseptet der dei forskar i eksistensiell tematikk.



01

Det er knytt høge forventningar til *Dødsdansen* i **Sigrid Strøm Reibos** regi på Scene 3. I vår hausta hennar oppsetjing av *Misantrophen* ved Rogaland Teater ikkje mindre enn fire nominasjonar til Hedda-prisen, og stakk av med to prisar, mellom anna for beste regi. Den unge regissøren med fersk master i regi frå GITIS i Moskva har allereie vore nominert til Hedda-prisen tidlegare – for debuten i 2010 med *Vente på Godot* ved Hålogaland Teater.

02

Kristina Kjeldsberg er ein av dei nye regissørane utdanna ved KHiOs regilinje – i same kull som Jonas Corell Petersen og Peer Perez Øian, som begge har gjesta Det Norske Teatret. På Scene 3 set ho opp Anton Tsjekhovs einaktar *Bjørnen*, ein komedie ho også sette opp under studietida. Med seg på scenen har ho dei unge skodespelarane Silje Storstein og Sigurd Myhre.

03

«Betagende for barn og voksne» skreiv Aftenpostens kritiker om juleframsyninga *Gjøglaren* da den hadde premiere i fjor haust. Regissør Bjørn Sæter har lang erfaring med oppsetjingar for barn og familiar på norske scenar. Det poetiske og vakre har lenge vore varemerket hans, og det kjem også til syne i *Gjøglaren*.

BROADWAY-SUKSESS
TIL DET NORSKE TEATRET

Musikk er eit gjennomgangstema i Hilde Andersens regiarbeid. Når ho no går i gang med Broadway-suksessen *33 Variasjonar* er det mest like mykje ein klassisk piano-konsert som teaterfram syning publikum får oppleve. Regissøren har lang røynsle som operaregissør mellom anna ved Den Norske Opera, i tillegg til at ho tidlegare har gjort store musikkteaterfram syningar som *An-Magritt* og *Which Witch* ved Det Norske Teatret. Ho har òg hatt regien på *Evita*, som tidlegare berre er sett opp ved Rogaland Teater i Noreg.



FOTO: EMM BERG



FOTO: LEIF GABRIELSEN

SKJULT FORTID

Ei skjult, mørk nazifortid er tema i Thomas Bernhards *Himmlers fødselsdag*, stykket Morten Borgersen set opp på Scene 3 med premiere 18. oktober. Rudolf Höllner er pensjonert dommar og feirar kvart år Himmlers fødselsdag med søskena sine. Bak den spissborgarlege og skinnheilage overflata lever gammalt tankegods frå tida i SS vidare. Skjulte nazisympatier er eit tema regissøren har ei høgst personleg erfaring med. Etter at faren døydde, fann Borgersen papir som viste at han hadde vore medlem av Nasjonal Samling under krigen. Kva skjer med menneske når dei prøver å skjule alt, også kjensler? Borgersen vart sint og kjende sorg over å vere sviken. I Thomas Bernhards drama fører det til incest og dirrande hat – og alt kjem ut med mørk og absurd humor. Sjølv har regissøren som resultat av forteinga blitt oppteken av kommunikasjon – eller fråveret av dette – og mellommenneskelege relasjonar i fram syningane han set opp. Borgersen gav i vår ut boka *Jeg har arvet en mørk skog* – ein roman med sjølvbiografiske trekk.

TEATERTIPS:

Det Norske Teatrets tidlegare teatersjef, Vidar Sandem og Marie Blokhuis spelar rolene i *Blackbird*, som har premiere på Riksteatret 4. oktober. Framsyninga dreg på Noregsturné og kjem til Det Norske Teatret frå 10. januar.

Svein Tindberg skal turnere landet rundt med *Abrahams barn*, fram syninga som fekk Hedda-prisen for Årets fram syning 2011/2012. I januar blir suksessfram syninga nok ein gong å sjå på Det Norske Teatret.

MENNESKEMØTE PÅ EIT DJUPARE PLAN

Det er komfortabelt å framstille seg etter klesstil, arbeid og ytre ting, men når desse tinga ikkje gjeld lenger, blir ein sårbar.

TEKST MARI MOEN FOTO GISLE BJØRNEBY

JOACHIM RAFAELSEN

KYRRE HELLUM

GAUTE TØNDER



Temaet «identitet» har oppteke skodespelarane Kyrre Hellum, Joachim Rafaelsen og musikaren Gaute Tønder i mange år, sidan dei første gongen arbeidde med regissøren Jonas Corell Petersen og saman sette opp einaktaren *The Zoo-Story* av Edvard Albee.

No skal de gjere ei framsyning her på Det Norske Teatret med tittelen ZOO. Det er ei vidareutvikling av framsyninga de jobba med på Kunsthøgskulen i 2008. Men det er ikkje lenger teksten til Edvard Albee som er utgangspunktet?

KYRRE: Nei, vi har lagt vekk stykket til Albee, men gått vidare med tema frå den tidlege framsyninga. Den gongen oppstod det rett og slett ein veldig god dynamikk mellom oss. Saman med Jonas utvikla vi eit spelerom, ei form som vi alle har hatt lyst til å utvikle vidare. Vi laga den første framsyninga på veldig kort tid.

JOACHIM: Ja, vi var gjennom stykket etter berre fire veker, då hadde vi analysert det på tradisjonell måte og hadde lagt opp løypene våre på golvet. Men vi kjende alle at dette ikkje var det heilt store og vi byrja å bryte det opp, og leike oss med stoffet.

KYRRE: Dekonstruere det, for å finne ei anna form på det, og denne måten å angripe stoffet på sette fri nokre sceniske krefte i oss, som vi har ønskt å arbeide vidare med.

Kva måte er det de arbeider på i denne framsyninga, då?

GAUTE: Jonas er oppteken av at det som skjer på scenen skal vere uføreseieleg, at det skal oppstå der og då.

KYRRE: Det er heile tida snakk om å spele med auge for her og no. Vi held oss ikkje til manus; vi har riktignok eit slags manus, men vi kan velje å gå heilt bort frå det. I denne framsyninga kan alt skje; den utviklar seg heile tida. Tilskodarane er forskjellige kvar kveld. Dei spelar ei rolle. Fordi vi snakkar til dei, og på den måten inviterer vi dei inn i framsyninga. Dagsforma vår spelar ei rolle. Det hender eg utelet mykje, heile monologar, fordi det ganske enkelt tek ei anna retning. Og det er lov. Vi har ein bank av situasjonar som vi kan bruke fritt. Repertoaret vårt blir utvida med kvar framsyning og variablane blir endå større.

De improviserer fram store delar av framsyninga kvar kveld?

JOACHIM: Ja. Vi veit sjølvsagt kva det er vi held på med, og det er jo noko særskild vi, saman med Jonas, vil undersøkje i det sceniske rommet, men det kjem til nye ting kvar gong vi spelar ZOO. Det heile er eksklusivt her og no.

Men det kan gå gale òg, kan det ikkje? Blir ein ikkje nervøs av å ikkje vite kva som vil skje?

GAUTE: Eg er aldri nervøs.

JOACHIM: Det er eg.

KYRRE: Men ein kan eigentleg ikkje gjere noko feil. Det er meir befriande å spele på denne måten. Joachim og eg har utvikla ein metode mellom oss. Eg veit kor eg skal trykkje for å få han i gang, og han veit kor han skal trykkje for å få meg på banen. Sjølv om det heile botnar i det uføreseielege, så kjenner vi jo kvarandre. Og då er jamvel kaos muleg å handtere.

Gaute, du er komponist og muskar i framsyninga. Kva for rolle har du i dette prosjektet?

GAUTE: Eg er med på scenen heile tida. Og med på samtalen. Jonas ønskte at eg skulle vere ein del av framsyninga og ikkje berre sitje i en krok med musikken min.

KYRRE: Ja, det kom litt brått på deg, det hugsar eg. Eg trur du deltok meir ufrivillig i byrjinga.

GAUTE: Heilt ufrivillig.

Alle tre ler hjarteleg.

GAUTE: I byrjinga var eg ikkje komfortabel med denne nye rolla mi som aktiv part. Det var rart og uvant å skulle opne opp munnen og snakke på scenen.

KYRRE: Det var veldig artig, faktisk. Gaute ville ikkje seie noko, men vi tvinga han til å snakke.

Korleis då?

JOACHIM: Vi provoserte han til å delta.

KYRRE: Sørgde for at han skulle vere ukomfortabel.

Latter.

JOACHIM: Det kom til å dreie seg mykje om identitet etter kvart. Vi fann fram til ei tredeling i spelestilen. Vi agerte på scenen som karakter, skodespelar og privatperson. Desse tre laga opnar opp for eit metaplan. Og denne måten å spele på, vere på scenen på, viskar ut grensene for identitet, slik vi tenkjer på det til dagleg. Det fjernar dei ikkje, men gjer dei utydelege.

GAUTE: Nett desse tre laga i måten å te seg på scenen, opnar opp for å gå djupare inn i grunntematikken i framsyninga, som dreier rundt reelle, nakne møte mellom menneske. Det handlar jo om å bryte ut av innhegningane sine og å verkeleg møte eit anna menneske. For å møte eit anna menneske må ein skrelle vekk alle laga ein til vanleg omgir seg med; vi ville sjå kva som skjer når ein fjernar desse tinga, vi ville unngå identitets-tinga – kome vekk frå det.

Kva handlar framsyninga dykkar om? ZOO... Det veit ein jo kva er, og tittelen vekker assosiasjonar.

JOACHIM: Eg var i Zoologisk Have i København i samband med arbeidet. Å sjå åtferda til dyra var interessant. Korleis ber ein seg åt på eit lite, avgrensa område? Korleis stiller dyra seg til kvarandre? Til menneska, til tilskodarane sine? Framsyninga vår handlar først og fremst om møte og kontakt mellom menneske. Det høyrer kanskje litt banalt ut å seie det slik; «møte mellom menneske»...

GAUTE: Eg synest det er bra sagt, eg, det er heilt «to the point».

Korleis kan ein førestille seg det?

JOACHIM: Det er eit forsøk på å sjå om det er mogleg med ei djupare kontakt, der ein ikkje tek omsyn til uskrivne reglar som ein elles ofte tilpassar seg i møte med andre menneske.

KYRRE: Då eg var 19 år gammal budde eg eit år i eit anna land, og dette året måtte eg skape meg sjølv på nytt. Alle referansane eg brukte her heime for å fortelje kven eg var, fungerte ikkje lenger. Eg kunne ikkje seie; «Eg likar NIRVANA» – noko som var referanse nok i den ungdomskulturen eg var ein del av. Folk der berre såg på meg og trekte på skuldrene over dei tinga eg sa som elles «viste kven eg var». Det heldt ikkje med kulturelle og sosiale standardreferansar i møtet med desse menneska.

JOACHIM: Ja, kva skjer når ein nektar å delta på dei premissane?

KYRRE: Det betyr «trouble».

Kulturhotellet Bondeheimen

100 skritt frå Det Norske Teatret



«Det er tanken som gjerer det meste...»
Ivar Aasen, 1851

HEIMEN

Sidan 1912

Dei aller største hotella har gjerne ein eigen, liten suvenirbutikk for turistar. Hotell Bondeheimen har Heimen Husflid, eit av dei største utsala i landet for bunad og alt tilbehør og med ei stor avdeling for husflid og kunsthåndverk. Berre gå inn døra til venstre for resepsjonen og du kjem rett inn i den norske kultur-arven, med nesten 4000 vakre bruks- eller prydgjenstandar i tradisjonell eller moderne design.

Sjå meir på www.beimen.net



&

KAFFISTOVA

Sidan 1901

Det er merkeleg, men Rosenkrantz' gate 8 midt i Oslo sentrum har i mange tiår vore den sikraste staden å oppsøkje for dei som ønskjer å nyte tradisjonell, norsk mat til overkommelege prisar. Etterkvart som pizza, pasta og taco toga inn også i dei mest natur-skjønne delane av landet vårt, har Kaffistova verna om urnorske retter som lefse, rømmegraut, raspeball, boknafisk, sodd, lutefisk og pinnekjøtt. Desse rettene stod på menyen då Kaffistova opna for meir enn hundre år sidan. Og vi lovar at dei er her også neste gong du kjem.

At Bondeheimen ikkje er som andre storbyhotell merkar du alt ute på gata, der vi har lagt ned skifer-heller med korte sitat av bl.a. Ivar Aasen og Olav H. Hauge. Frå hotell resepsjonen har du direkte tilgang til tradisjonsrik, norsk mat i den vidgjetne Kaffistova.



«TEATERROMMET ER EIT AVVIK FRÅ VERKELEGHEITA»

NAMN: Nia Damerell

AKTUELL: Scenograf og kostymedesignar for ZOO

UTDANNA: Scenograf frå Akademi for scenekunst i Fredrikstad.

Korleis tar du fatt på eit nytt oppdrag?

Eg startar alltid med å lese manus. Deretter er det viktig for meg å fjerne meg litt frå teksten og heller konsentrere meg om essensen i tematikken vi vel å leggje vekt på. Men akkurat når det gjeld ZOO, så ligg det ikkje nokon ferdig tekst i botnen, han er improvisert fram. Det er også viktig for meg å ikkje vente for lenge med å bli konkret. Difor jobbar eg ganske raskt med ein modell av scenerommet og kastar element inn og ut av den.

Kva har inspirert deg i arbeidet med ZOO?

Eg har nok tenkt litt «naivt»; BRIO-aktige, sterke fargar, veldig low-tech, amatør, gjer-det-sjølvs-stil. Guteromsetetikk, 70-talsplastikk, termos. Eg såg på ein del byggesessemateriale og verkty i research-fasen. Eg vart også inspirert av eit kunstverk med ein haug bananar – det vart til at statistar i brytetrakt et bananar.

Korleis har du og regissør Jonas Corell Petersen jobba i lag?

Med Jonas blir det mykje samtalar. Eksistensielle spørsmål er nok eit overordna tema for oss. Vi snakkar om essensen i stykket, om ting vi har opplevd eller tema vi er opptekne av. Også mykje om anekdotar, ting vi har lese, sett og høyrte. Det er ein slags yrkesskade eg har, at eg stadig går rundt og legg merke til detaljar rundt meg, knipsar bilde med mobilen av saker som kanskje kan vere ein kime til ein idé og viser dei til Jonas. Vi jobbar veldig intuitivt og framsyninga ber forhåpentleg preg av det.

Kva burde vi vite om det å vere scenograf?

Mange trur nok at ein scenograf lagar ein modell og er ferdig med sitt bidrag før prøvene tar til. Men scenografen kan også bidra i regi-prosessen. Eg ser scenografien som ein del av dramaturgien i framsyninga. Det er synd når teatret blir for illustrerande, eg vil skape mulegheiter for publikums meddikting. Eg ønskjer at arbeidet mitt skal ha rot i verkelegheita, men vere ein tilspissa versjon av den. Teaterrommet er eit avvik frå verkelegheita, men med eit ønske om at publikum skal reflektere over den.



KASH PÅ LABBEN

Kash King Gashamura kan fint identifisere seg med jungelguten Mowgli. Han er jo også eit einbarn.

TEKST PER ASBJØRN RISNES JR. FOTO KRISTOFFER SKJÆRINGRUD PHOTOGRAPHY

– Eg går ikkje nokon stad utan gitaren nett no, seier Kash. Han ber han på ryggen, med heimelaga reimer skrudde rett inn i gitarbotnen.

– Eg lærer meg å spele. Eg kunne ikkje eitt grep før. Eg skal jo spele og synge rolege emo-songar på scenen. Men eg kunne berre ikkje gå rundt med sånt svart gitartrekk på ryggen. No kan alle sjå kva eg gjer, og eg kan spele kor som helst. Det er jo så gøy!

Kash King Gashamura er ein som snakkar med utrops-teikn. Og med eit breitt smil i andletet. Heilt sidan han såg Les Miserables har han ønskt å jobbe med musikal- lar. Og no skal han hoppe etter Adil Khan når *Jungelboka* kjem attende i haust.

– Det var dyra som fascinerte meg då eg såg Jungelboka som liten. Mowgli var liksom berre eit menneske. Apakattane, Shere Khan og Baloo dei var så gode, seier han og syng i veg på Baloo sin song frå filmen:

– ... Jeg tar livet som det faller seg, ja bare som det faller seg...

Du er kanskje meir ein Baloo enn ein Mowgli... Men kva handlar Jungelboka om for deg?

– Kva skal eg seie. Det er ein gut som leitar etter svar. Det er ein forvirra gut. Han er ein del av gjengen i jungelen. Han vil ikkje innsjå at han ikkje er som dei eigentleg. Han trur han ser ut som Baloo.

Er det noko du kan identifisere deg med?

– Ja, om vi zoomar ut og ser det store biletet så handlar det jo om aksept. Vi får jo masse nye landsmenn som ikkje er heilt som dei som bur her. Men altså, eg vaks jo opp på Ås. Det er jo berre den idyllen. Der ante eg jo ikkje at eg var annleis. Anna enn at eg var einbarn og ikkje hadde nokon far.

Du har ikkje blitt spesielt prega av det? Det vert kanskje vanskeleg å spele emo-kid?

– Det er jo veldig langt frå meg. Eg er sjeldan deppa. Men eg har vore rundt og kikka på dei. Eg trur dei berre har funne noko som dei likar og andre som likar det same, og så finn dei glede i kvarandre. Eg er sikker på at om eg tek på meg Mowgli-kostymet og går ned til dei, så vil dei henge med meg.

Korleis skal du sjå ut?

– Førebels berre svarte Converse, svarte klede og raudt hår. Men eg håpar eg får pimpe det opp litt. Shere Khan har jo det feite kostymet, seier han og rekkjer fram høgrehanda der han har ein svart fingerhanske med blanke naglar.

Og korleis gjekk det då du drog attende til Rwanda?

– Dei trudde ikkje på meg. Eg er ganske lys i huden og ikkje fullt så høg som dei andre tutsiane, dei er jo over 1,90 alle saman. Dessuten hadde eg andre klede, seier han om turen han hadde tidlegare i vår saman med NRK-programleiar Noman Mubashir. Dei drog for å finne ut meir om faren til Kash til ein dokumentarserie. Men han veit enno ikkje stort meir enn at soldaten Paul Mungarurire døydde i kampar på grensa til Uganda ein gong i 1994. Alle der nede har mista nokon. Det var det verste folkemordet i historia, men no lever dei tidlegare fiendane side om side i harmoni. I tillegg må det vere det reinaste og tryggaste landet i Afrika nett no.

Fann du familien din?

– Mange av mine har flytta til Europa eller Uganda, men eg møtte bestemor mi som har eit lite hotell. Og onkelen min, som driv eit senter for foreldre-lause born. Og så møtte eg presidenten vår. Ha ha, hørde du? Eg sa «vår», humrar han. Det er jo ingen som får avtale med president Kagane. Men eg tweeta han i senk.

Du plaga han på Twitter heilt til han sa ja?

– Omtrent. Det viste seg jo etter kvart at mor mi kjende han frå barndommen. Den same dagen som vi skulle ha minnestund for far min, ringde dei frå palasset og sa at no kom dei for å hente oss. Vi skulle få ti minutt. Men så begynte vi å snakke om fotball og då vart vi sitjande i nesten ein time. Vi er begge Arsenal-fans, seier han og smilar breitt når eg nemner intervjuet i den største avisa i landet der det stod: «Meet Rwanda's famous Norwegian TV-personality». Det tok litt av der nede. Eg får stadig e-postar frå folk i Rwanda som vil gjere business med meg. Dei trur nok eg er litt større enn det eg er.

SKODESPELAREN

**Kashfa King
Gashamura**

**Aktuell som Mowgli i
*Jungelboka***

Fødd i 1989 i Rwanda, flytta til Ås som 2-åring

Har gått dramalinja på Danvik folkehøgskole, spelt Lysander i *En midtsommernatts drøm* i Drammen og Hud Johnson i *Hair* på Oslo Nye Teater.

Erfaring frå TV-seriane *Taxi* på NRK1 og *Hotel Cæsar* på TV2.

Deltok på Team Erik og Kriss i Det Store Korslaget i 2011.

Programleiar i NRK Super, mellom anna med programmet *Kash & Zoot*.



KARI GRAVKLEV

[Aktuell med scenografien til *Sorga kler Elektra* og *33 variasjonar*]

Eit nakent rom med ein bar og eit band. Vakre videoprojeksjonar som viser skodespelarane som ikon frå 50-talet i svart-kvitt på bakveggen. Dette er scenerommet som møter publikum i *Sorga kler Elektra*. Bakdøra glir opp, og vips, så er rommet eit heilt anna, berre ved hjelp av enkle middel som kontrasten mellom det svarte scenerommet og den kvite veggen i gangen bak. I 33 variasjonar fyller ei stor hylle bakre del av scenerommet. Den er inspirert av kunstnaren Anselm Kiefers bokhylle. Hylla skal gi assosiasjonar til arkivet i Beethoven-Haus i Bonn og i tillegg fungere som lerret for projeksjonar av Beethovens originale noteark. Samstundes er scenografien ein bakgrunn for handlinga, som går føre seg i New York og Bonn, i dag og på Beethovens tid. Det enkle og stiliserte, men likevel så raffinerte og verknadsfulle er det Gravklev likar best å jobbe med. I haust kan publikum gle seg over to særskilte visuelle rom som berikar den visuelle opplevinga i teatret.

ALLE FOTO: ERIK BERG

ALLE FOTO: SIREN HOVLAND



EVITAKUNST

Nokre gonger får dei som arbeider på målersalen meir spennande utfordringar enn elles, der dei får utfalde seg som kunstnarar til fulle. I tillegg til at dei har hatt si fulle hyre med å måle gigantiske sceneelement til *Evita*, med tett omslyngta tangopar og bygningar inspirerte av Buenos Aires, har dei fått i oppdrag å måle kunstverk inspirerte av gammal argentinsk kunst. Her kan vi sjå Anna Louise Jacobsen i sving med ei miniatyrtugåve av måleriet ho skal la seg inspirere av i den eine handa, og ein enormt lang pensel i den andre.



OLA BRÅTHEN

[Aktuell som scenograf for *Evita*] Ei seng og ein catwalk er i sentrum når *Evita* går frå eit tilvere som fattig Askepott til glamorøs politikkarrue med enorm makt over sitt folk. I senga svingar Evita Peron seg oppover i maktas rekkjer, og dette blir illustrert ved ulike sengegjerde som blir meir og meir eksklusive dess høgare ho klatrar på rangstigen. Det er her alle viktige avgjerder blir tatt, medan catwalken er til for politisk show og kontroll av massane. I tillegg omkransar sensuelle tangopar og ein by sengekammeret. Bakveggen blir tidvis nytta som projeksjonsduk for dokumentarisk filmmateriale som knyter fiksjonen i musikalen *Evita* opp mot historia om den verkelege Eva Peron.



EVEN BØRSUM

[Aktuell som scenograf for *Jungelboka*] Betong, søppel og bilvrak er stikkord som pregar scenografien til *Jungelboka* i 2012. På bildet kan de sjå scenograf Even Børsum utforbi Konserthuset – ein stad som har inspirert ham i arbeidet. Sidan framsyninga vart sett opp på Det Norske Teatret sist, har scenograf Even Børsum og regissør Erik Ulfsby gjort framsyninga i ein ny versjon i Stavanger. Scenografien blir denne gongen influert av Stavangerversjonen, så dette blir ei heilt ny oppleving for Oslo-publikumet. Men den gigantiske disco-kula er framleis med. Det same er rekkverka som lagar mulegheit for dei spektakulære kung fu-inspirerte kampscenene. Eit rom designa for dans, dans, fart og fest!

VISSTE DU AT...

Du kan ete «3 for 3» - ein tre rettars middag til 300 kroner i Kafe Løve, og det på berre ein time?

Oslopuls har kåra Kafe Løve til ein av byens seks beste lunsjstader?

Du kan bestille drikke og noko å bite på førehand så det står klart når framsyninga har pause?

Du kan oppleve ein teaterkonsert, eit gjestespel, open mikrofon eller nachspiel med ensemblet frå framsyningane? Kvar fredag i Bikuben kl. 22.30. Open bar.

MENNESKESJELA UNDER FORSTØRRINGSGLAS:



AUGUST STRINDBERGS DØDSDANSEN

AV ELENA BALZAMO OMSETT FRÅ SVENSK VED ARNE TORP

Dødsdansen høyrer til Strindbergs mest kjende og mest spela stykke. Då han skreiv det i 1900, var han 51 år gammal, og han hadde tolv år att å leve. Då hadde han opplevd å vekse opp i ein mellomklassefamilie med sju born, opplevd at mora døydde altfor tidleg og at han ikkje gjorde det noko særleg bra på skolen, opplevd ein vanskeleg periode som ambisjos ung skribent og ein lynrask suksess med romanen *Det raude rommet* (1879). Han hadde opplevd dei første heftige polemikkane kring skriftene sine, den første kjærleiken, det første giftemålet med ei offiserhustru som gjekk frå ektemaken for å gifte seg med mannen som var overtydd om att hans «eld» var «den største i Sverige». Han hadde også vore med då dei første barna vart fødde og hadde opplevd familielivets første gleder og suter. I mange år hadde han budd utanlands, og han hadde hatt ei mengd konflikhtar, der den første var den med Bjørnstjerne Bjørnson i Paris etter ein kort og intens venskap. Han hadde også opplevd konflikthane i det første ekteskapet som førte til det første smerteful-

le skilsmålet hans – men også til ei rad naturalistiske skodespel som delvis har bakgrunn i desse traumatiske opplevingane. Det var då han tok til å bruke omgrepet «kjærleikshat» for den omsynslause kampen mellom ektemakane, denne «kampen mellom hjernane» som han meinte han hadde oppdaga som den viktigaste drivkrafta i tilværet, og som han framstelte gong etter gong i *Faderen*, i *Froken Julie*, i *Kreditorar*...

På veg mot eit nytt teater

Etter oppløysinga av ekteskapet levde han eit hektisk liv i Berlin først på 1890-talet, gifte seg på nytt, fekk endå eit barn – og eit nytt ekteskapeleg helvete. Deretter følgde det nye skilsmålet og den religiøse og moralske omveltinga (den såkalla Infernokrisa) som etter kvart munna ut i eit nytt livssyn – djupt religiøst, sterkt farga av Swedenborgs lære med tydelege okkulte overtonar. Denne febrilske leitinga etter meininga med livet og samanheng i tilværet førte til skjønnerlitterær skrivesperre: I ein lang periode

tok skriving av naturvitskaplege avhandlingar og essay over for både den skjønnerlitterære produksjonen og teateret.

Ved hundreårsskiftet hadde han lagt alt dette bak seg, og frå og med 1898 kjem det ein stadig straum av nye teaterstykker. Til dels dreiar det seg om historiske drama som *Folkungesagaen*, *Gustav Vasa*, *Karl XII*, og dels kjem det fleire svært særprege stykke – *Eit draumspel*, *Til Damaskus*, *Påske* – der forfattaren freistar å framstille både øydeleggings- og fornyingsforløp (liksom Swedenborg er Kierkegaard aldri langt unna). I desse stykka utviklar han ein «draumteknikk» som kjem til å prege det europeiske teateret gjennom heile hundreåret: «Alt kan hende, alt er mogleg og sannsynleg. Tid og rom eksisterer ikkje; ut frå eit spinkelt røyndomsgrunnlag spinn innbillinga vidare og vev nye mønster: Ei blanding av minne, opplevingar, frie påhitt, absurditetar og improvisasjonar. Personane blir kløyvde, fordobla, dublerde, forduftar, blir fortetta, flyt ut, samlar seg. Men ei bevisstheit står over alle, det er drøymarens; for det finst inga løyndomar, ingen inkonsekvens, inga skruplar, ingen lov – slik uttrykkjer han det i forordet til *Eit draumspel*. Ein ny synsvinkel, men han botnar endå i ei karakteroppfatning som ein finn hos Strindberg alt på 1880-talet, m.a. i det vidjetne forordet til *Froken Julie*: «Mine sjeler (karakterar) er konglomerat av tidlegare kulturnivå, og nåtidige, bitar frå bøker og aviser, stykke av menneske, avrivne lappar av helgedagsklede som er blitt filler, akkurat som sjela er samanlappa, og eg har dessutan gjeve litt tilkomsthistorie, når eg let den svakare stele og repetere ord frå den sterkare, let sjelene hente 'idear', suggesjonar som det kallast, frå kvarandre...».

Eit helvete på jorda

Dødsdansen er eit sentralt verk ettersom det både knyter band attende til dei naturalistiske dramaa frå 80-talet (ein tenkjer sjølvsagt først og fremst på *Faderen*) og samtidig tek opp i seg Strindbergs nye verdsåskoding med dei viktigaste temaa der: synd og forsoning, den foredlende krafta i lidinga, tomleiken i livet. Verket har ei klassisk enkel oppbygging (ein er langt frå dei kompliserte laga i *Til Damaskus*, *Eit draumspel* eller *Spøkelsessonen*): eit ekteskapsdrama med den banale trekanten: to menneske som piner kvarandre til døde med hjelp av ein tredje person eller trass i all velvilje og innsats frå den sistnemnde. Dei spelar kort, dei høyrer på knitringa frå telegrafapparatet, dei drikk vin...

Men personane! Reine demonar heile gjengen. Desse groteske, monstrose innslaga, denne oppsvulminga av vondskap som gjer att vondskapen får reint metafysiske proporsjonar og forvandlar livet til eit helvete på jorda, er karakteristisk for dei nyvunne sanningane og den nye innsikta om at vondskapen verkelen finst.

Ein kan meine kva ein vil om kor sant dette synet på verda er, men det dramatiske potensialet er udiskutabelt både for forfattarens seinare produksjon (heile kammarspelestetikken kjem til å kvile på dei: *Pelikanen*, *Den brende tomte*, *Spøkelsessonen*) og for den kommande teaterkunsten der innverknaden kan

merkast heilt fram til våre dagar.

Dødsdansen må vere skriven i ein tilstand av makelaus inspirasjonsrus, på ei einaste veke i slutten av oktober 1900 – eit slags kreativt utbrot som forklarar mykje av den eksplosive krafta i stykket. Kva som utløyste dette utbrotet, er velkjent, ein kjenner til dei biografiske motiva som ligg attom, namna på hovudpersonane og korleis stykket vart til. Og ein blir forundra over å sjå korleis eit banalt ekteskapeleg (mis)forhold får mest kosmiske proporsjonar og blir forvandla til eit eksistensielt drama.

«Nå bed eg Dykk, les mine nye drama berre som teaterstykke; det er mosaikk som vanleg, frå andres og eige liv, men ver så god og ta det ikkje som sjølvbiografi, eller vedkjenningar. Det som ikkje stemmer med fakta, er dikta, ikkje loge. (...) Eg er derfor ingen helgen, langt derifrå, men menneska har i mangt gjort meg urett. (...) Eg lengtar til det lyse, har alltid gjort det, men ikkje fått noko. (...) Det førekjem meg ofte som om heile livet mitt hadde vore sett i scene for meg, både for at eg skulle lide og skildre. Handlingane mine kan derfor frå eitt synspunkt sjåast på som indifferente (moralsk); men

det hindrar ikkje at eg sjølv har lide under dei skitne affarane eg har vore dregen inn i (...). Såleis har eg slege igjen når andre har slege meg, men eg har likevel lide meir av å slå enn å bli slegen», skriv Strindberg til den tyske omsetjaren sin, Emil Schering, året etter at *Dødsdansen* vart skriven. Elles finn ein att fleire motiv som er typiske for denne perioden med sine sterke band till skjergardsmiljøet, t.d. karantenemotivet, detta vente- og skjærseidsrommet, som utgjer leietråden i fleire tekstar frå denne tida: Det førekjem både i *Dødsdansen* og i *Eit draumspel*, og dessutan i fleire noveller frå *Karantenemeisterens forteljningar*, noko som tyder på at det langt på veg er sjølvbiografisk.

Dette om «mosaikk som vanleg, frå andres og eige liv» er godt sagt, men det kan ein seie om mest alle forfattarar. Dessutan er det lettare sagt enn gjort, ettersom slett ikkje alle forfattarar har den same evna til å omskape kvardagslivets uvesentlege detaljar till eit heilstøypt kunstverk.

Ein dans som held fram...

At Strindbergs samtidige måtte få tid på seg for å kunne godta den nye estetikken, er ikkje vanskeleg å forstå. «Mitt sterkaste (og enklaste!)» stykke, er forfattarens eiga vurdering av *Dødsdansen* (rett nok sa han det same om alle arbeida sine, men denne gongen har han rett.) «Forferdeleg», «forskrekkeleg», «skakande», «patologisk» var vanlege vurderingar i bokmeldingane. Stykket vart liggjande i fire år: Ingen teater ville ha noko å gjere med det. Først i 1905 vart det uroppført, på Altes Stadttheater i Köln. I Sverige vart det først oppført i 1909 på Strindbergs eige Intima Teatern i Stockholm. Sidan har det gått sin sigersgang over teaterscenar i heile verda: Forfattarens innsikt i mekanismane i den menneskelege psyken kjem til å vere aktuell så lenge ein i det heile interesserer seg for å framstille menneskeleg sjellev. ■

August Strindberg (1849–1912): forfatter, dramatiker og biletkunstnar. Banebrytande innanfor fleire sjangrar, verka hans femnar om ei rad romanar, noveller og drama, derimellom *Dødsdansen* (1900–1901).

Elena Balzamo, russisk-fransk litteraturhistorikar og omsetjar (av m.a. *Dødsdansen* til fransk); aktuell med *Skriftdon och papper, brefkort, frimärke. Fyra essäer om Strindberg* (Lind & Co 2012) og *August Strindberg: Ansikten och öde* (kjem ut i september 2012 på Atlantis bokförlag).

– HERREGUD FOR EIT PØLSESKINN! OG DETTE SKAL EIN SPELE !!

Korleis kan ein få ein knallgul, åletrang skinndress til å halde fasongen framsyning etter framsyning? Slike triks er mellom kostymeavdelingas løyndommar.

TEKST SISSEL FANTOFT FOTO EIVOR ERIKSEN

Når Charlotte Frogner fer rundt på scenen som slangen Kaa i *Jungelboka* i sin gule skinndress á la Uma Thurman i *Kill Bill*-filmene, er det ikkje fritt for at det blir både sveitt og fysisk utfordrande. Ho tek over rolla etter Ulrikke Hansen Døvig, men kostymet har også vore på ei reise sørover.

– Vi laga opphavleg heile kostymet i skinn, men sidan det er ei veldig fysisk rolle så er det vanskeleg å få skinnen til å halde fasongen. Derfor laga vi ei ny bukse i lycra, som vart brukt under *Jungelboka*-framsyninga på Rogaland Teater, fortel tilskjerar Tove Svarstad på kostymeavdelinga.

Charlotte Frogner trekkjer på seg bukse og jakke og tek ein titt i spegelen.

– Herregud for eit pølseskinn! Og dette skal ein spele i!

Jakka viser seg å vere litt for kort, men elles sit drakta som klistra på Charlottes kropp.

– Vi har farga lycraen slik at bukka kjem til å få nøyaktig den same gulfargen som jakka. Lycra pustar betre enn skinn, og held fasongen mykje betre. På scenen kjem det til å sjå ut som skinn, seier Svarstad.

– Eg er heilt trygg på at kostymet kjem til å bli kjempebra. Her skreddarsyr dei alt, og det er viktig at kostymet tener karakteren og er med på å gje liv til rolla ein skal spele. Vi har eit veldig godt samarbeid her på teatret, og dei som jobbar på kostymeavdelinga har god forståing for den jobben vi skal gjere på scenen, seier Frogner, og prøver seg på eit karatespark ut i lufta.

– Det er ofte veldig forløysande å få på seg kostymet. Det kjem sjølvstekt litt an på settinga og rolla, men når kostymet er på så fell karakteren gjerne på plass, held ho fram.

Men sidan rolla gjer dei same bevegelsane kveld et-

ter kveld, blir kostyma ekstra slitne nokre stader.

– Det er ei utfordring. Med dette kostymet har vi jo også problemet at skinn ikkje kan vaskast. Men vi har våre triks likevel, mellom anna slike små sveittelappar vi kan plassere inni jakka og som syg opp sveitten. Og så kan vi jo bytte fôr, seier Svarstad, som likevel liker å jobbe med skinn.

– Det er jo eit levende materiale som gjev kostymet sjel. Det er alltid gøy å vere på langprøvene når kostyma kjem på, det blir ein heilskap på ein heilt annan måte. Men viss vi oppdagar noko som er gale med kostymet på prøvene så heng vi oss heilt opp i det, seier Svarstad.

Etter fire år i *Evig ung* har Charlotte Frogner verkeleg fått erfare korleis eit kostyme får kjørt seg etter hundrevis av framsyningar.

– Eit kostyme får sitt eige liv når det blir brukt i to timar på scenen 200 gonger. Skoa eg brukte i *Evig ung* er heilt nedslitne på innsida, fortel ho.

Ei anna utfordring for kostymeavdelinga er at skodespelarar i løpet av lange speleperiodar kan gå opp eller ned i vekt.

– Derfor lagar vi kostyma slik at dei kan justerast. Det kan jo fort skje at Charlotte går ned nokre kilo etter ei rekkje fysisk krevjande framsyningar i *Jungelboka*, til dømes, seier Svarstad.

– Hå nei, eg kjem til å ete tilsvarende, seier Frogner og ler.

Ein ting er i alle fall sikkert: Den knallgule skinndressen kjem til å bli verande på Det Norske Teatret sitt kostymelager.

– Dette er jo eit signalkostyme som det ligg mykje jobb i, så det kjem vi garantert ikkje til å kvitte oss med, forsikrar Tove Svarstad.



KOSTYMET

Charlotte Frogner
som Kaa i *Jungelboka*

På kostymeavdelinga arbeider det 10 personar: Tilskjerarar dame/herre, skreddarar, kjole- og draktsyarar, kostymemakar, ein tilsett på fargeriet, koordinator og avdelingsleiar.

Jungelboka brukar kostyme til m.a. 10 ulvar, 10 aper, 9 ninjær, 2 gribbar og 3 sjakalar, i tillegg til hovudkarakterane.

Nokre kostyme blir henta fram frå første speleperioden, noko vert forbeta og noko vert laga nytt. Ulvefar får t.d. ny frakk av 5 geiteskinn sidan den gamle var utsliten.

Kostymedesignar er Ingrid Nylander.



* VI UTFORDRA SVEIN ROGER KARLSEN TIL Å VELJE TRE HØGDEPUNKT FRÅ KARRIEREN

NAMN: SVEIN ROGER KARLSEN

ALDER: 53

AKTUELL: DEI SEKSUELLE NEVROSANE
TIL FORELDRA VÅRE
OG JUNGELBOKA

BIKUBESONG DET NORSKE TEATRET 2003



Bikubesong representerer en morosam periode som blei dratt ut over fleire år. Eg gledde meg kvar dag til å gå på jobben og eg veit at framsyninga ikkje berre var til stor underhaldning for folk, men òg at enkelte, særleg i den yngre garden, fekk si første store teateroppleving og også musikkoppleving gjennom denne oppsetjinga. I utgangspunktet skulle vi spele 20 gonger på Scene 2. Etter fem år, var vi framleis populære og etter det eg veit, er ho enno ikkje heilt pakka vekk. Eg trur rolla som Harry Lund som blir valt ut av VG til å vere den mest gjennomsnittlege mannen i Noreg; Ola Nordmann sjølv, appellerte til meg nettopp fordi han strittar så

mot dette sjølv. Etter å ha blitt plassert i denne kategorien tek Harry til å handle på den mest uventa måten, han ringjer homoen som skryt av stellet sitt på dovegen, han legg an på dama i røyret på TV-shop'en og det heile ballar på seg. Tilfellet Harry Lund er jo nesten ein forviklingskomedie i seg sjølv, om du ser isolert på karakteren. Eg deler garderobe med Lasse Kolsrud, som skreiv manus og hadde regien, og fekk lese nokre tidlege utkast til manus. DEN rolla skal eg ha, slo eg fast. Og gav same meldinga til Vidar Sandem, som var teatersjef på den tida. Det er einaste gongen eg har spurt om ei rolle, men eg har sansen for slike typar. Dei som lever tilsynelatande heilt ordinære liv, men som i pressa situasjonar blir heilt vippa ut av dette A4-livet.



FOTO: SIREN HØVLAND

NAMNET DET NORSKE TEATRET 2011

Eg har spelt eit par Beckett-roller og syntest den litterære forma var noko som triggja meg som skodespelar. Men så kom Fosse og tok mest over. Eg har spelt både i *Vakkert* og *Namnet*, som var særskilte ulike framsyningar. Det er som ein trur at Fosse må bli spelt på eitt vis – at ein må vere varsam med teksten, bringe poesien ut og at gjentakningane må få fram nyansane i teksten. Men så kjem ein ung instruktør og bryt med heile det tankesettet. Øyvind Osmo Eriksen ønskte det røft og det viste seg å funke. For meg er måten hans å skrive på ganske lik normaliteten. Med alle gjentakningane, folk som snakkar forbi kvarandre og som undertrykkjer sanninga, det er jo slik vi ofte er. Dessutan er det mykje natur i stykka til Fosse – ein metafor over dei menneska han skildrar. Dette er kystfolk. Eg kjenner meg igjen i dei og i det landskapet som har forma dei. Eg vil gjerne spele meir Fosse, gjerne kvart år.



HODET OVER VANNET SPELEFILM 1993

Hodet over vannet er eit fint minne. Det var ein bra film i ei tid da norsk film ikkje hadde så godt omdømme. Den fekk brukbare kritikkar og ein stad blei eg til og med samanlikna med Jack Nicholson! Det hugsar eg godt. Amerikanarane kom med sin versjon berre nokre år seinare og da spelte Harvey Keitel rolla mi. Det var tydeleg at han hadde sett på meg og tatt etter meg. Det var sjølvsagt svært! Filmen blei tatt opp på Østerøya utanfor Sandefjord og vi blei ein tett og samansveisa gjeng. Kvar ettermiddag møttest vi på hotellet og klypparane hadde rigga seg til i kjellaren. Det gjorde det mogleg å sjå opptaka frå nokre dagar tilbake. Vi fekk komme med innspel og kunne påverke det endelege resultatet – som jo slett ikkje blei så verst!





«EG TENKJER PÅ STYKKET SOM EI ETTERFORSKING»

TEKST LILLIAN BIKSET FOTO FIN SERCK-HANSEN

KORLEIS BRUKAR DU TIDA DI, når du veit du snart skal døy? Musikkforskaren Kathrine Brandt, enke og eittbarnsmor, vel slik ho alltid har gjort: Jobben kjem først. Ludvig van Beethoven, mot slutten av livet, valde likeeins. I *33 variasjonar* vekslar handlinga mellom dei, som i eit fleirstemt musikkstykke, mellom fortid og nåtid. Samtalane mellom Kathrine Brandt og dei som står henne nær, finn gjenklang i samtalar mellom Beethoven og menneske rundt han. Musikken blir nærmast som ei ekstra stemme i stykket, seier Marianne Krogh, som spelar Kathrine.

Korleis førebur du deg?

– Val er eit viktig stikkord for meg. Alltid. Kvifor vel ho slik ho gjer? Det må eg finne ut. Vala ein tar, seier mykje om kva slags liv ein vil leve. Eg tenkjer på stykket som ei etterforsking. Kathrine Brandt prøver å finne ut kva Beethoven tenkte og korleis han arbeidde. Eg må finne ut korleis ho tenkjer, og kvifor.

Kva er det med personen Kathrine Brandt som gjer henne spennande å spele?

– Her er mykje å jobbe med! Sjukdommen, som vil gjere henne hjelpeslaus. Det finst inga behandling. Ho veit kva som kjem til å skje. Men samtidig som ho blir dårlegare, kjem ho djupare inn i Beethovens variasjonar. Det er eit stort arbeid, heile tida er ho nær ei løysing, og eg kan forstå at ho blir fortrolla og forgjord. Kanskje er det nødvendig å ha den forgjeringa når ein er forskar. Kanskje må ein arbeide så intenst for å nå den innsikta ho leiter etter.

Korleis opplever du denne forgjeringa?

– Akkurat det kan eg kjenne meg att i. Når eg jobbar med eit nytt stykke, finst det alltid fasar der eg veit at eg nærmar meg eit gjennombrøt. Og da blir eg litt forgjord. Eg veit at tida eg skal gjennom fram mot premieren, er tung. Forferdeleg grueleg, faktisk. Og det er akkurat det som er moro. Ja! Det er moro å ha det forferdeleg grueleg. Og det er nødvendig. Eg når ikkje fram til gjennombrøta om eg ikkje slit medan eg held på.

Når 33 variasjonar begynner, har Kathrine Brandt alt gjort ein del val. Somme blir det fortalt om, andre kan vi berre gjette oss til. Dette må vere noko av det mest spennande i å spele ei vaksen hovudrolle – tolkingsrommet er så stort?

– Ja, det er spennande. Kathrine Brandt må ha gått nokre rundar med seg sjølv opp gjennom åra, men det får vi ikkje sjå, det har skjedd før stykket startar. Det vi får sjå, er resultatet av prioriteringane hennar. Vi får sjå kva det kostar henne. Når eit liv går mot slutten, blir prioriteringane i livet veldig tydelege. Men eg meiner Kathrine Brandt har prioritert seg sjølv heile vegen. Ho har hatt ein jobb ho elsker, som har vore hobby og lidenskap. Ho har valt vekk mykje anna. Ho har tatt med seg dottera på førelesingar. Det har alltid vore hennar interesser som har vore dei viktige. Men det er nyansar her. Kathrine reiser frå dottera, men ho held jo fram å tenkje på henne, ikkje berre på Beethoven.

Kva ville du ha gjort, om du fekk ein slik beskjed som den Kathrine har fått?

– Eg ville i alle fall ha gjort meg ferdig med dette stykket! Seier Marianne Krogh. Og ler.

SKODESPELAREN

Marianne Krogh

Aktuell i 33 Variasjonar av Moisés Kaufman

Elev ved Det Norske Teatret 1975–1978, tilsett frå 1977 til 1983 og igjen frå 1988.

I år har vi sett henne i *Oslo* og *Det gode mennesket frå Sezuan*. Frå før står mellom anna *Vi har så korte armar*, *Familien*, *Få meg på, for faen*, *Taus Musikk*, *Bikubesong* og *Personkrins 3:1* på lista.

Har også vore tilsett i Fjernsynsteatret (1983–1987) – med Amandapris for rolla si i *Fri* – og medlem av frigruppa Liliith (1987–1996).

Lemongrass

A place where good friends & good food meet
Come & enjoy the soothing ambience & the most
delicious recipe from the Caribbean islands

Kristian Augustsgt. 14 - 0164 Oslo. Tel. 22 20 12 22. Fax 22 20 12 23
post@lemongrass.no. www.lemongrass.no

Glad i teater? Bli med i Venner av Det Norske Teatret!



Kva er Vennelaget?

- Laget vart til i 1946, på initiativ frå Tarjei Vesaas, Arnulf Øverland, Sigurd Evensmo og andre.
- Føremålet er å samle medlemmer for å verne og styrkje Det Norske Teatret.

Kva gjer Vennelaget?

- Vennelaget har mange gode medlemstilbod, sjå neste spalte.
- Vennelaget deler årleg ut stipend til kunstnarar og andre ved teatret.
- Laget yter også økonomisk stønad til ulike einskildprosjekt ved Det Norske Teatret.

Kvifor bli medlem?

Arrangement:

- Du får invitasjon til ulike vennelagsarrangement, der vi møtest og får egne foredrag og informasjon om framsyningane, og iblant kunstnarlege innslag av skodespelarar ved teatret.

Teaterturar:

- Du kan delta på dei populære kultur- og teaterturane som laget arrangerer årleg. Dei går til teateroppsetjingar, konsertar, spel og besøk i kunstnarheimar i inn- og utland.

Medlemsfordelar:

Samstundes som du gjennom medlemskapen gjev stønad til teatret, kan du sjølv få mange gonger att medlemspengane.

MEDLEMMER får

- 2 billetter med kraftig rabatt til eigen kveld på alle nye stykke på Hovudscenen,
- delta på Vennelagsarrangementa på teatret,
- ca 30 % rabatt på 2 billetter til alle ordinære framsyningar (ved gjestespel kan andre reglar gjelde).

Medlemspengar:

Medlemskap kostar kr 400 for eitt år (ved fornying blir 12 månader lagt til utlaupsdatoen).

Slik blir du medlem:

- Betal kontingenten direkte i billettluke på teatret.
- Ring 22 42 43 44 dersom du vil betale med kredittkort, eller
- betal inn til Vennelagets konto: 0540 08 93227.

vennelag@detnorsketeatret.no
www.detnorsketeatret.no/
vennelaget

Foto over til: Ingrid Vågen Egeund © Andre foto: Venner av DNT/DNT Form Av Reidun Die - Stykk DNT Oslo 2009

TETT PÅ: MUSIKKEN

01

Gaute Tønder frå Kongsvinger står bak musikken til ZOO. Han har ein mastergrad i komposisjon av filmmusikk ved UiOs musikkvitenskapelige institutt og har laga musikken til fleire teaterframsyningar og filmar, mellom anna *Unge Werthers lidningar* og *Kommandør Treholt & Ninjatroppen*. I Zoo har han fått ei ny utfordring: Han og dei to skodespelarane skal saman utforske sosiale situasjonar og kodar, og Gaute må gjere meir enn å spele musikk.

02

Svenn Erik Kristoffersen er musikksejef på Det Norske Teatret og har arrangert og komponert musikken til eit utal framsyningar og musikal. Han har tidlegare fått Spelemannsprisen for musikken til BarneTV-serien *UHU* (2001 og 2002) og lagar meir musikk for barn i den vakre julefabelen *Gjøglaren* på Scene 2.

03

Øystein Tengesdal hadde sin debut som komponist på framsyninga *Frank* i 2005 på Det Norske Teatret. Han har følgd *Jungelboka* frå premieren i 2008 og no er den forrykande trommisen attende på Hovudscenen. Han har utvikla sin heilt eigen stil med komboen slagverk, snuttar, lydeffektar og komp, og er som ei heil framsyning i seg sjølv.



TANGO, SKRUJARN OG... SUPERLIM!

I haustens oppsetjing av *Evita* vil tangomusikken vere med på å gjere framsyninga meir autentisk. Til dette trengst det eit spesielt instrument: Bandoneón. Det er ikkje mange her i landet som kan traktere eit slikt, men **Åsbjørg Ryeng** har gått i lære hos dei beste. Ho har spelt bandoneón sidan ho var ti år gammal, då ho byrja på Trondheim kommunale kulturskole med Noregs store pådrivar for tangomusikk, Kåre Jostein Simonsen frå gruppa Tango Concertino, som lærar. Sidan har ho vore i Buenos Aires tre gonger og fått undervisning av store bandoneonistar som Julio Pane, Marcos Madrigal og Osvaldo Montes. Det karakteristiske instrumentet har opphavet sitt i Tyskland på midten av 1800-talet og var meint som eit transportabelt kyrkjeorgel. Det følgde med i bagasjen då europearane drog til Argentina, der det fann seg like godt til rette på nattklubbar og bordell – og i tangoen. No har kjende bandoneonistar som Astor Piazzolla sytt for at vi ikkje kan tenkje oss tangomusikken utan bandoneon – det er tangoens sjel. Det er ingen som veit heilt korleis ein lagar dette karakteristiske trekkspilet lenger, så det er stor rift om dei originale instrumenta. I *Evita* brukar Åsbjørg eit bandoneón frå om lag 1920. Når ein eig eit slikt, må ein vere budd på verknader av tidas tann og Åsbjørg dreg aldri nokon stad utan skrujarn og superlim.

33 PIANOVARIASJONAR

Pianisten **Gunilla Süssmann** spelar seg gjennom alle dei 33 variasjonane til Beethoven på Scene 2 i haust og gjer framsyninga til både teater og konsert. Gunilla er oppvaksen i Bergen, vann Ungdommens Pianomesterskap allereie som ti-åring og igjen då ho var 18. Ho vart presentert som Intromusiker av Rikskonsertene 2001-03. Sidan har ho spelt saman med fleire av Europas mest velrenommerte orkester og blitt tatt imot med opne armar av kritikarar og konserthus over heile verda. Då ho heldt debutkonserten sin i 2003, etter å ha tatt kandidatexamen i klaver ved Norges Musikkhøgskole og solistutdanning ved Musikkhøgskolen i Hannover, stod mellom anna Beethoven på programmet. Gunilla er ein av landets fremste Grieg-tolkarar og har opparbeidd seg eit vidt repertoar, frå Bach til Messiaen, Crumb og samtidsmusikk. Men det er den romantiske musikken som står hjartet hennar nærast. Kan det hende at det var romantikk som låg bak Beethoven sine 33 variasjonar?



MUSIKALSKE TIPS:

Gå ikkje glipp av BAKSNACK spesial i samarbeid med Studio Sokrates den 22. september! Bandet og skodespelarane frå *Sorga kler Elektra* står for det musikalske bidraget.

Heddaprisvinnaren Gjertrud Jynge syng og fortel den gripan-de Historia om ein soldat av Stravinskij/Ramuz, ispedd songar av Brecht/Weill, i Bikuben 14. september.

Likte du *Next to Normal*? I Bikuben 19. oktober kan du ta ein musikalsk dukkert ned i smakebitar frå fleire nye musikal. Kanskje finn du ein ny favoritt?



HEMMELEGE TENÅRINGS LIV

Fuck My Life. Det høyrest brutalt ut. På plakaten viser fire ungdommar fingeren til oss. Regissør Per-Olav Sørensen vil laga ein regnboge. Han plukkar opp ein tilfeldig neve med Oslo-ungdom og ser kva han finn. Kva for historier finn vegen inn på teaterscenen og korleis vil dette sjå ut til slutt?

TEKST UNN CATODOTTER FYLLINGSNES FOTO STURLA BAKKEN

Prosjektet som tek form på Scene 3 i haust er basert på eit liknande prosjekt som vart gjennomført i Irland i 2009. Pol Heyvaert, belgisk regissør og scenograf som Sørensen har samarbeidd med før, inviterte atten ungdommar til å setja lys på tema som opptok dei. Kva er det til dømes som driv unge menneske inn i djup depresjon eller ekstrem vald? Dei irske ungdommane som var med i *Fuck My Life* (FML) høyrer til den fyrste generasjonen som veks opp utan å verta styrte av den romersk-katolske kyrkja, den fyrste generasjonen som kan nytta allmenn velstand men som samstundes opplever framandgjerding og kraftig vald i eit land med dei høgaste sjølvmoordsratane mellom ungdom i Europa. FML har sidan 2009 vore på turné til Skottland, England, Finland, Nederland, Nord-Irland, Tyskland og Belgia. No skriv me 2012 og det er norske ungdommar sin tur til å fortelja sine historier.

Den norske teater- og filmregissøren Per-Olav Sørensen har lånt tittelen og teke konseptet med til Oslo. *Det Norske* møter han på kafé ein tidleg morgon. Per-Olav, eller P-O, som han

skriv under med, håpar at dette er det fyrste og siste intervjuet han gjer i denne prosessen – heretter er det ungdommane sjølve som skal vera i fokus og driva prosjektet framover.

– *Kva vil dette prosjektet fortelja om det å vera ung i Noreg, samanlikna med i Irland?*

– Det som faktisk fyrst og fremst kom fram i Irland, var ein enorm livsglede, svarar P-O. – Eg trur at ungdom er ungdom, same kvar dei høyrer til. Dei har dei same utfordringane om å prestera og å høyra til. Overgangen frå barn til vaksen er ein svært sårbar periode. Eg vil korkje stadfesta eller avkrefta fordommar. Eg vil gje folk eit høve til å sjå sjølve; gå inn i salen og få det i fleisen. Målet er å få fram eit bilete av ungdom anno 2012, deira tankar og liv.

– *Korleis finn du ungdommane som skal vera med?*

– Eg held ikkje nokon vanleg audition og ser ikkje etter scenetalent. Eg dreg på besøk til skular som Det Norske Teatret samarbeider med. Der snakkar eg med lærarane som gjev info vidare til elevane. Om dei synest prosjektet høyrest interessant

ut, kjem eg på besøk i klassen. Etter besøket gjer læraren eit utval av dei som kan tenkja seg å vera med. Nokre stader snakkar eg direkte med elevane. Etter desse rundane er me oppe i 100 ungdommar som skal vera med vidare til fase to.

– *Korleis skal du greia å velja ut historier mellom så mange?*

– Eg kjem til å snakka med alle saman, lytta til dei og gjera dei trygge. Det er ikkje berre dei tragiske historiene me vil ha fram, men òg forteljingar om korleis ein sminkar seg, om ei song ein likar eller kva ein gjer på fritida. Eg vil ha fram ein regnboge av fargar og bakgrunnar; eit bilete av ein generasjon. Nokre snakkar mykje, nokre er meir stille. Poenget er å finna ungdommar som er representative for båe sidene av Akerselva. I den tredje fasen vel me ut og set i scene. Ungdommane formar prosjektet sjølve, difor er det viktig å finna dei som er motiverte for å vera med. Dei marknadsfører på nettet, legg videoar på YouTube og så bortetter.

– *Kva slags framsyning vil dette verta?*

– Målet er å stå att med 12-13 ungdommar som lagar sjølve framsyninga. Eg ser ikkje etter håpefulle skodespelarspirer, men vanleg ungdom som sjeldan får ein arena. TV og teater er dramatisert syning. Det skal ikkje dette vera. Ungdommane skal vera seg sjølve, dei skal ikkje spela ei rolle. Dei må ikkje påverka kvarandre og verta for like – det vert keisamt. Om nokon ser ned i golvet i fem minutt, er det lov.

– *Dette høyrest ut som ein krevjande metode – ville det ikkje vera enklare å få ein dramatistar til å skriva eit manus?*

– Jo, det er mykje meir tidkrevjande enn å arbeida med eit ferdig manus. Tek ein fatt på eit stykke av Ibsen gjer ein ein del privat førebeid og har så ei prøvetid på 8 veker, medan eit prosjekt som dette gjerne krev ein prosess i forkant på kring 12 månader for at ein skal få det til. Før ein byrjar eksisterer det ingenting. Ein skal fylla alt. Men det er svært viktig at ungdommane som er med kjenner eigarskap til prosjektet, og det får dei på denne måten.

Per-Olav har bakgrunn som journalist. Det er ei erfaring han har god bruk for:

– Eg tek ofte journalisten i meg med inn i prosjektet. Det er kanskje då eg trivst best. Det er morosamt å la konkret research verta teater, og eg likar å finna nye vegar inni teatret; få fram kva teater kan vera, ikkje kva det skal vera. Eg likar å viska ut den delen som eg definerer som dramatiseringa. I brukte me direkte sitat frå rettssaka mot desse to foreldra. Framsyninga gjekk parallelt med saka om den vesle guten her i Noreg som vart drepen av stefaren sin, så ho vart frykteleg aktuell med eitt. Veggjen mellom publikum og dei på scenen vert vekke. Om me ikkje

er i stand til å forstå desse menneska, og høyra andre historier enn våre eigne, vert me ikkje smartare.

– *Er ungdommen i dag sjølvstjerte?*

– Det trur eg ikkje. Ikkje meir sjølvstjerte enn vaksne, i alle fall. Men dei er kanskje meir medvitne om eigne mål enn før. Dei er nok smerteleg klåre over kva samfunnet krev av dei. Eg opplever at ungdom i dag er meir opne, dei er mangefasetterte. Eg lar meg fascinera av dei. Og så er det ein ting eg har lagt merke til: Då eg gjekk på ungdomsskulen – eg er fødd i '63 – var det lett å spotta elevrådsformannen i ein klasse på 25. No er det heilt umogleg! Deltakinga er høgare og elevane viser større sjølvvillit. Før var det kanskje tre-fire som stakk seg ut og resten var grå mus. No er det lite grått, seier P-O og ler.

Skuleverkstadene i tilknytning til stykket er fylte opp for lenge sidan. Per-Olav er ikkje overraska:

– Eg har heile tida trudd at det kom til å verta fulle hus. Ungdom vil sjå ungdom, så enkelt er det. ■



REGISSØREN

Per-Olav Sørensen

Fuck My Life

Fødd i 1963, har budd i Oslo i 30 år, men kjem opphavleg frå Moss.

Han er regissør, dramatistar, produsent og manusforfatter og driv produksjonsselskapet POS Theatre Company, NonStop Internasjonale Teaterfestival og Kulturhuset Parkteatret i Moss.

På teaterscenen har han hatt regi på mellom *anna Tater!* og *Dracula* (båe Oslo Nye Teater), *TanGhost*, *Grand Old Man* og *Drapene i Aalst* (eige produksjonsselskap), *I Hired a Contract Killer*, *Siste dagers hellige*, *Bjørnson i 100* og *KOM!* (alle Nationalteatret).

Har regisert fleire TV-drama, til dømes *Seks som oss*, *Honningfellen* og *Ali Reza and the Rezas* i tillegg til filmen *Mennesker i solen*. Har regi på dramatiseringa *Halvbroren* på NRK, basert på boka av Lars Saabye Christensen.

Prøv

DAG
OG
TID

– den nynorske vekeavisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tap av benmasse starter i 30 års alderen

Floradix® Kalsium-Magnesium Kalsium + Magnesium + Sink

Naturlig kosttilskudd med essensielle mineraler for sterkere ben og tenner

- Magnesium, sink og vitamin D sikrer riktig levering og absorpsjon av kalsium
- Synergerende base av urter og fruktjuicer gir en balansert pH og lett fordøyelse
- Sikker ved langvarig bruk
- Maksimum absorpsjon, flytende med lett opptagbar kalsiumglukonat og laktat
- Ideell dosering, tilfredsstillende som kosttilskudd
- Fri for bly, fargestoffer, pesticider og konserveringsmidler



OBS! Uten konserveringsmidler!



Floradix® Kalsium-Magnesium kjøpes hos Coop, apotek, helsekost- og dagligvareforretninger.




Ole Deviksvei 18 - 0666 Oslo - Tlf. 23 37 37 40 - Faks 23 37 37 59 - E-mail: post@naturimport.no - Internett: www.naturimport.no

GARDEROBEN MIN: SILJE STORSTEIN OG KRISTIN GRUE



«NOKRE GONGER KRØLLAR VI OSS SAMAN UNDER DYNA. ELLER VI LIGG PÅ SPIKARMATTA»

SILJE (t.v) er aktuell i *Bjørnen* og *Gjøglaren*.
KRISTIN (t.h) er aktuell i *Sorga kler Elektra*, *Gjøglaren* og *Evita*.



Oppå skapet ligg dei gamle korta til Henny Moan som hadde garderoben før. Inni skapet står kassettpelaren hennar.

Vi plar eigentleg ikkje ha det så ryddig her. Det blir til dømes fort til at ein del brukte klede blir liggjande her fordi ein aldri får dei med heim... Påklede-rane har kjefte på oss og bede oss om å rydde opp, så det har vi gjort.

Klovneteikninga er det sonen til regissøren Line Rosvoll, Daniel, som har teikna av oss då vi øvde på eit klovne-nummer til opninga av *Bikuben*. Han er 11 år og kjempeflink å teikna!

Kristin: Pepar-kakeboks, med pepar-kaker i, og bilete av dramatikaren Jonas Hassen Khemiri oppå (han er så kjekk og så skreiv han *Vi som er hundre*, som eg spelar i).

Silje: Vi burde lagt inn nokre gamle snusboksar – det er mykje snus her...
Kristin: Dei ligg inni skapet. Der ligg òg «Spynorsk mordliste». Eg likte eigentleg å ha nynorsk sidemål, eg. Det var gøy å lese, berre litt problematisk med grammatikken som eg ikkje fekk heilt inn.

Kristin: Boksehanskane er eit stort prosjekt, men eg har vondt i armane nett no, så eg får ikkje boksa så mykje. Men eg har store planar.

Silje: Terningane er «yatzyhattar» som Mari, søstera mi, har laga. Ho var regiassistent på *Vi har så korte armar*. Olaug Nilssen kopierte ideen og sydde faktisk ein slik til babyen sin til premieren! Klovnenasen attmed er spesialbestilt frå Gøteborg.

Kristin: Kort frå ulike produksjonar eg har vore med i, med takk frå regissøren. Og så er det eit bilete av Silje og meg som små. – Vi var naboar og vaks opp saman.

Silje: Manuset til *Bjørnen* som eg skal spele i saman med Sigurd Myhre, på Scene 3. Dette har eg skrive inn på data sjølv – det er ein skikkeleg låg-budsjettproduksjon.

Havfruehalen lånte vi til tullevideoen vi laga då vi heldt på med *Gjøglaren*, men vi brukte han ikkje. Seinare har vi brukt han litt til våre egne tullebilete og sånn. Men kostymeavdelinga veit ikkje at vi har han enno...

Silje: Dyna er Kristin si og dynetrekke er mitt. Nokre gonger krøllar vi oss saman i kvar vår ende. Eller vi ligg på spikarmatta, men den er pakka vekk no.

Silje: Cavaen har eg fått av Kristin til bursdagen. Ein skal alltid ha litt sjampis på lur. Men det er ingen fest-garderobe, dette; den einaste gongen vi har hatt eit slags nachspiel her var etter *Gjøglaren*. Då åt vi pepar-kaker med blåmuggost og drakk portvin...

EIN SPESIELL FØDSELSDAG

TEKST IDA MICHAELSEN FOTO SIREN HØYLAND

Himmlers fødselsdag utspeler seg i heimen til den tidlegare SS-offiseren Rudolf Höller. Mannen som tidlegare verka som kommandant i ein konsentrasjonsleir, kom seg unna rettsoppgjæret og blei etter krigen halden i skjul av søster si. Ti år seinare dukkar han opp i det tidlegare Vest-Tyskland der han gjer ein lysande karriere som høgsterettsdommar. Den 7. oktober kvart år feirar han Himmlers fødselsdag. Bak mørke gardiner stasar han seg opp i den gamle uniforma, sver til si fascistiske overtiding og utbringer ein skål for dei brune førebilda sine. Denne mannen skal Ståle Bjørnhaug portrettere i haust.

Du avsluttar karrieren ved Det Norske Teatret som SS-offiseren med ei fordekt fortid. Har Thomas Bernhards stykke relevans i vår tid?

– Fascismen ligg som ein sovande bjørn i Europa. Ein ser tendensar bryte overflata. I Austerrike, Ungarn og Nederland ser ein politiske grupperingar med klare høgreekstre-me sympatiar som vinn oppslutning og som til og med når fram på den nasjonale, politiske arenaen. Eg veit ikkje kva for relevans stykket har for stemninga i Noreg, men det er jo ingen tvil om at det ulmar under overflata her òg. Det er ein skremmande tanke. Hovudpersonen Höller spår at ungdom vil reise seg mot demokratiet. Vi har jo sett eit grotesk dome på det med Breivik-saka.

Kva er det med Austerrike da, som Bernhard så kraftfullt og nedlatande dissekerte i forfatterskapen sin?

– Austerrike tok heller aldri noko oppgjer med fortida. Dei insisterte på ei offerrolle og har skyvd rettsoppgjæret under teppet. Det lir nok nasjonen under. Det har vore fleire eksempel på uheldige koplingar i austerrisk politikk. Thomas Bernhard var da heller ingen populær mann i heimlandet. Han rørte vel ved ei side dei ikkje ville vedkjenne seg.

Har du spelt i stykke av han tidlegare?

– Nei, dette er første gongen. Han har ei særeiga form, ein merkeleg rytme. Det er ikkje på vers, men har ein sterk poetisk kraft. Eg har sett nokre framsyningar signert Bernhard og dei kan vere besetjande, dersom ein får det til.

Den einaste likskapen mellom deg og karakteren du skal i

kast med, er at de begge står Vor dem Ruhestand, som er originaltittelen på stykket; altså at de er i ferd med å nå aldersgrensa for yrkesutøvinga. Du har ein lang og innholdsrik karriere å sjå tilbake på. Korleis oppsummerer ein 50 år ved teatret?

– Eg har fått smake på ytterpunktene i det å vere skodespelar. I ettertid har eg sett at livet har gått i fasar som har gitt ulike rolleoppgåver. Det har vore ei samansett tid. Da eg begynte, spelte eg mest unge, pene gitar og det var nedverdige, syntest eg. Men så kom eg til Den Nationale Scene under leiing av Knut Thommassen og der låg det eg venta på. Eg fekk bryne meg på store karakterroller som Biff i *En handelsreisendes død*, *Don Juan*, *Faust* i Stein Winges oppsetjing, Tesman i *Hedda Gabler* og Brechts *Arturo Ui*. Det var ein sterk periode ved teatret og eg opplevde at vi spelte nyskapande og moderne teater. Overgangen til den første rolla ved Det Norske Teatret var stor.

Kva var debuten her?

– Broren i *Tre systrer* av Tsjekhov. Det kjendest berre feil etter tida i Bergen. Men her på Det Norske Teatret har eg fått spele alle dei klassiske, store nynorskrollene, *Bleikeplassen*, Didrik i *Medmenneske*, *Draumkvedet*, *Den fjerde nattevakt*, ja, lista er lang.

Saknar du noka rolle?

– Tja, Macbeth er ei interessant rolle som eg ikkje har gjort. Og Kong Lear har sine løyndommar som eg gjerne skulle ha forska i, men alt i alt synest eg at det har vore eit rikt liv med gode utfordringar. Under studietida følgde eg noko undervising på musikkonservatoriet. Eg må berre understreke at eg ikkje har den musikalske skoloringa som trengst for store operaroller, men eg har fått gleder av å gjere fine roller i musikkteatret.

I Mayenburgs *Den stygge* såg vi ei komisk side ved deg som vi ikkje visste om. Modig, presist og ustyrtleg komisk tolka du kirurgene i den absurde

framstillinga av skjønnheitsjaget i vår tid. Kvifor har vi ikkje fått sjå meir av den sida?

– Eg blei tidleg sett på plass der. Dagmar Myrvold, ein avhalden og høgt elskta lærar på Teaterhøgskolen sa ein gong følgjande: «Bjørnhaug, De er ustyrtelig lite morsom! De må ta denne monologen med ryggen til salen.» Da eg 20 år seinare hausta latter i salen, kom det som ei stor overrasking på meg, og eg mista teksten eit par minutt, trur eg. Det har vore herleg dei gongene det har skjedd.

Thomas Bernhard kallar *Himmlers fødselsdag* ein komedie. Det kan neppe tolkast på anna vis enn ein Bernhardsk sarkasme.

– Eg vil nødig gi meg inn på ei utlegging om Bernhards undertittel og kvifor han set den merkelappen på eit stoff som dette. Men det hadde ikkje vore Thomas Bernhard om det ikkje hadde sine løyndommar.

SKODESPELAREN

Ståle Bjørnhaug

Debuterte i 1962 på Nationaltheatret. Ved Den Nationale Scene frå 1970 til 1980. Bjørnhaug kom til Det Norske Teatret i 1981.

Roller i utval ved Det Norske Teatret: Keisar Julian i *Keisar og Gallilear* av Ibsen, Kaifas i *Jesus Christ Superstar*, Didrik i *Medmennesket*, Johan Tander i *Bleikeplassen* av Vesaas, George i *Om mus og menn* av Steinbeck, Fernan Gomez de Gusman i *Historia om ein landsby*, tittelrolla i Ibsens *Jon Gabriel Borkmann*, Ol-Kanelesa i *Den fjerde nattevakt* av Falkberget, Blind-Anders/Bendek i *Juvikfolke* av Duun, Obersten i *Ingen skriv til obersten* av García Márquez og Kølhogden i *An-Magritt*. I 1996 sette Ståle Bjørnhaug saman framsyninga *Bloddropetrall* med dikt av Kristoffer Uppdal.



The Great India



...ønsker deg hjertelig velkommen til en opplevelse for sansene!

The Great India ønsker å gi deg en fest for sansene med våre tradisjonelle retter. I vår restaurant er det en intim og rolig stemning, og dufter av herlig mat. Restauranten ligger et steinkast fra Karl Johans gate, rett overfor Nasjonalgalleriet. Velkommen til The Great India og en liten indisk reise. www.thegreatindia.no

Du finner oss her: Kristian Augustgt. 14, 0164 Oslo (inngang fra Universitetsgaten) vis á vis Nasjonalgalleriet.	Åpningstider: Mandag-lørdag 15.00-23.00 Søndag: 15.00-22.00 Åpent for lunsj mellom 11-15.00 man-fredag.
--	--

RING OSS FOR BORDBESTILLING: TLF. 22 20 03 89

HVOR ENDER DENNE FINE TRAPPEN?

Finn ut gjennom et uforglemmelig besøk til to dikterhjem i Asker. Velkommen til Asker Museum, Valstads samlinger og Labråten, Hulda og Arne Garborgs heim.

NB!
Høsttakkefest
Søndag 23. september
kl 11 - 16



www.askermuseum.no

Asker Museum, Otto Valstads vei 19, 1395 Hvalstad
Tlf 66 79 00 11 post@askermuseum.no
Tirsdag-fredag 11.00-15.00, søndag 12.00-16.00



DEBUTEN: INGEBORG S. RAUSTØL (32)



«BROREN MIN MÅTTE FINNE SEG I Å VERE BRURA»

AKTUELL: Elskarinna/Søstera i *Evita* og Harlekin/Mora i *Gjøglaren*.
DEBUT: Som den flotte brudgommen i eit stykke av og med meg sjølv.
NÅR: 2. søndag i advent i 1988.
KVAR: Heime i stova. Publikum var familie og naboar.

Kva tenkte du denne dagen?

– Eg fungerte nok som ein slags altmulegmann denne dagen, eller som ei i overkant sjefete storresøster som bestemte alt, så eg trur nok at det eg tenkte mest på var om veslebroren min Henrik kom til å oppføre seg. Dersom han berre heldt seg til planen og gjorde akkurat som eg sa, ville det sjølvsgatt bli ein suksess. Problemet var at han ikkje alltid let seg sjefe over. Eg ville alltid vere mann, så broren min måtte finne seg i å vere brura.

Korleis gjekk det?

– Eg trur det gjekk retteleg bra! Vi hadde eit par knise-anfall som Henrik fekk skulda for, men elles meiner eg vi var veldig fornøgde, begge to. Eg hugsar eg var spesielt fornøgd med brurebuketten – eller, det var vel meir ei brurepotte.

Når skjønnte du at det var skodespelar du ville bli?

– Det er ikkje godt å seie, for eg prøvde i mange år å lure meg sjølv til å tru at eg ville alt muleg anna. Sjølv om det nok låg der godt skjult heilt sidan barndommen, innrømde eg det nok ikkje før eg var om lag 20 år.

Kva ville du gjerne ha visst den dagen, som du veit i dag?

– At det er mykje meir morosamt å lage teater når ein samarbeider!



INGEBORG PÅ 1-2-3

1 Utdanna ved skodespelarlinja ved Kunsthøgskolen i Oslo, 2010. Har vore med i TV-seriane *Lekestue* og *Hotell Cæsar*.

2 Spelte Irene i *Sjuk Ungdom* og Maria Amelie i *Ulovleg norsk* på Det Norske Teatret.

3 Drøymer om å starte eit eige teater med Asklepios Hane (Sigurd Myhre, Herman Bernhoft, Janne Heltberg og Marie Blokhus).

DET MULTINORSKE

I haust startar Det Norske Teatrets studium for framtidige skodespelarar med fleirkulturell bakgrunn. Studiet skal leie til ein bachelor innan skodespelarfaget og er i samarbeid med Høgskolen i Nord-Trøndelag. Av 53 søkjarar var det desse fire som kom gjennom nålauget:

SARA KHORAMI (24)

Bakgrunn: Fødd og oppvaksen i Sandvika, Bærum, hos iranske foreldre som kom som flyktninger til Noreg i 1985.

– Kvar dag i to timar etter middag og dessert var det dansing heime da eg var liten. Eg og foreldra mine dansa til alt frå Bob Marley til Michael Jackson og persisk musikk. Det var mykje liv i huset og høg musikk. Så eg trur eg har blitt veldig fysisk på grunn av det.

Mora og faren til Sara var med i ein ulovleg sosialistisk organisasjon i Iran som kjempa for fridom og demokrati, og faren dreiv også litt med teater. Men da kunstnarvennene og demokratiforkjemparane byrja bli fengsla og avretta etter at Khomeini tok over styringa av landet, skjønte foreldra at dei måtte flykte før det blei deira tur.

– Foreldra mine har alltid sagt at det er eit privilegium å få uttrykke seg fritt. Det er ikkje sjølsagt. Dersom ein hadde sett opp eit stykke som *Vinterlangt* i Iran i dag, ville skodespelarane mest sannsynleg risikert både pisking og fengsel. Foreldra til Sara er persarar, og om ho skal trekkje fram noko som pregar hennar sceniske uttrykk som ho har med seg frå oppveksten, så er det lidenskap og kjensler.

– No gler eg meg veldig til å byrje på Det Multinorske! Eg har aldri blitt så glad for noko før. Dette er eit skikkeleg skipertak, vi får vere med på å utvikle norsk teater mot eit mangfald. Eg trur andre teater snart vil gjere det same.

KADIR TALABANI (25)

Bakgrunn: Fødd i Kurdistan i Irak. Har lev store delar av livet på flukt og i ulike flyktningeleirar. Kom til Noreg som 13-åring i 1999 for å bu i lag med familien i trygge og frie omgivingar på Bogerud i Oslo

– Når du har overlevd både krefte i bukspyttkjertelen og å bli skoten på av snikskyttarar i ein flyktningeleir, så er det ikkje så mykje som verkar skremmande på deg lenger. For eksempel å stå på ein scene. Fortida er mi styrke.

Da Kadir var eitt år vart huset til familien og alt dei eigde brent, og dei vart drivne på flukt. Sytti familiemedlemmer, mellom dei ein av brørne hans, vart drept i lag med 200 000 andre på bakgrunn av deira etniske opphav og politiske overtvinging. Resten av brørne vart politiske fangar. Talabani-familien var i 1975 med på å stifte PUK (Kurdistan's Politiske Union) som kravde Saddam Husseins avgang og eit styre basert på demokrati og menneskerettar, difor var dei ein truget mot regimet. I dag har fleire i familien framtrødande politiske verv i regjeringa i Irak. Etter han kom til Noreg byrja han å spele trommer og lærte seg etter kvart fem ulike kampsportar. Etter mykje prøving og feiling enda han for nokre år sidan opp på eit skodespelarkurs – og kjende seg totalt nyforelska, så opp jobben på Go-kart-senteret og byrja gå på auditions.

– Eg trur at eg som skodespelar er veldig open og utan sperrer. Eg har tigga, eg har vore millionær. Eg har jakta og blitt jakta på. Eg ser meg sjølv først og fremst som eit menneske som har erfart utruleg mykje, og det vil nok vere ein fordel i rolletolkningane mine. Eg vil tenkje stort. Eg vil inspirere andre til å bidra positivt i samfunnet. Eg er utruleg glad for å vere her!

JUDY NYAMBURA KARANJA (25)

Bakgrunn: Fødd i Kenya, kom til Noreg via Tanzania som treåring med foreldra som var politiske flyktningar. Voks opp i Oslo. Kjenner seg mest heime på Hauketo.

– Eg kan hugse den dagen vi kom til Noreg, sjølv om eg berre var tre år. Det var Luciadagen, og eg trudde alle barna som gjekk ute i snøen med lys i håret var englar.

Nokre år seinare, i barnehagen, sette Judy opp si første teaterframvisning. Publikum betalte med klinker – som dei fekk attende etter framvisninga. Sidan den dagen har Judy arrangert og sett i gang eit utal prosjekt. Disiplin og høg arbeidsmoral har ho lært heime, og det har ført henne til ein studieplass ved Det multinorske.

– Det er vanvitig å komme hit. Eg prøver å halde meg cool, calm and collected, seier Judy, som snakkar både kiswahili, norsk og engelsk flytande. Ho forstår også kikuyu, som opphavleg er morsmålet, og islandsk, fordi bestevenninna i barndommen var frå Island. Eg håpar at vi kan vere med på å gjere slik at teateret frametter vil spegle samfunnet betre. Eg trur dette vil vere ein dørøpnar for publikum også. Endeleg eit fargeblindt teater, på høgt nivå.

THOMAS BIPIN OLSEN (28)

Bakgrunn: Levde på barneheim i India til han var seks år gammel. Voks deretter opp hos adoptivforeldre i Tønsberg.

Seks år gammel vart Thomas Bipin Olsen henta av far sin på barneheimen i India. Da dei skulle sjekke inn på hotell om kvelden, måtte faren krangle med persosnalet og vise fram adopsjonspapira for å få sonen sin med inn på hotellet. 22 år seinare, etter å ha søkt teaterlinja ved Kunsthøgskolen i Oslo fem gonger, har Thomas fått ein av fire attraktive plassar ved Det multinorske.

– Eg kjenner meg som ein femåring som er sleppt inn i verdens største leikebutikk! Det er her eg ønskjer å jobbe når eg er ferdig. På Det Norske Teatret er det spennande teatret i mineauge. Her er ein ikkje redd for å teste ut nye ting og satsar. Sjølv likar han best å spele psykologisk drama, og draumen er å bli ein førsteklasse karakterskodespelar og bryne seg på alt frå komedie og farse til tunge drama og Shakespeare. Bakgrunnen frå India tenkjer han ikkje så mykje på.

– I studentteatret og teatergruppa eg var med i var det aldri noko stort poeng at eg skulle spele den eller den rolla. Det er annleis i institusjonsteaterverda. Eg trur eigentleg ikkje min generasjon bryr seg så mykje om nokon er mørk eller lys i huda.

KVA LES DU NO, SJEFDRAMATURG CARL MORTEN AMUNDSEN?

Det Norske Teatret fyller 100 år i 2013. Korleis førebur ein eit jubileum, eigentleg?

– Vi les mykje! Dramaturgane pløyer seg gjennom det historiske repertoaret. Og vi går jo også tilbake til ei tid som ikkje finnest lenger. Vi lærer mykje om historia til dette teatret på den måten.

Men er alt spelbart i dag?

– Tja. Tidleg på 1900-talet krinsa stykka gjerne rundt tema som arv, giftarmål og gardar, ikkje akkurat tema som er like aktuelle i dag, men det seier noko om at teatret sprang ut av norsk bondekultur. Vi har til dømes lese mykje av Olav Høprekstad, som var ein av dei mest spelte dramatikarane i dei første åra. Mellom anna signerte han eit av opningsstykkene i 1913. Han er ikkje speleleg i dag, iallfall om ein ikkje finn eit eige regigrep og viser fram ei anna tid, ein annan mentalitet. Og det er nok mogleg? Vi kjem til å presentere delar av dette historiske repertoaret i ein serie med laurdagsmatinear i jubileumsåret. Her blir det presentasjon av teatret sin hundreårige historie, og der høyrer desse stykkene naturleg heime.

De har lese Tarjei Vesaas også?

– Det er rett. Vi har lese mykje Vesaas. For anten du trur det eller ei har Tarjei Vesaas ein stor dramatisk produksjon. Den lesinga har vore ekstra morosam, og den har ført til at vi ikkje nøyer oss med å gi historiske smakebitar. Vesaas kjem til å få ei eiga oppsetjing på Scene 3 i jubileumsåret. Det er liksom vedteke at Vesaas ikkje var dramatiker. Han var overtydd om at han var ein dramatikerfiasko sjølv også. Men i hørespela sine syner han at han har talentet, ja at han var føre si tid. Han skriv i ein slags surrealistisk stil. Stykkene er eksistensielle. Vesaas liknar på absurdistane Pinter og Fosse. Dei har ei uhygge over seg, ei angstkjensle som er utruleg suggererande. Tarjei Vesaas elska teatret. Det er på tide å rette opp att æra hans her.

Korleis blir jubileumsåret?

– Det er lagt opp til ei fyldig og rik jubileumsfeiring. For det første viser hundreårsjubileet seg i repertoaret mellom anna med gjensyn med tidlegare suksessar. Og så så blir det mykje anna i tillegg: folkefest, historiske laurdagsmatinear, Bikubekveldar, Scene 3-produksjonar, utstilling og seminar. Og så skal vi ha samarbeid med Radioteatret. Eg vonar at jubileet kan peike både framover og bakover. Eg trur publikum vil like å lære dette teatret betre å kjenne. Og det gjer ein ved å sjå på historia. Mange ting fell på plass da.



FOTO: SIREN HØVLAND

01

Det Norske Teatret arbeidde i 72 år for å skaffe seg sitt eige hus. Allereie i 1916 var det ferdig konkrete arkitekttteikningar av eit teaterbygg plassert akkurat der teatret ligg i dag. Teatret var teikna med ein hovudscene med 750 plassar i salen, ein prøvesal i femte etasje, biljardsalong i kjellaren og ein eigen hotelldel med 40 rom. Ymse praktiske og økonomiske utfordringar gjorde at byggestart stadig blei utsett. På årsmøtet hausten 1918 tok skodespelar Edvard Drabløs ordet og kravde å få ein eksakt dato for når det nye bygget kunne takast i bruk. Hadde nokon gitt han datoen 6. mai 1985, hadde han truleg besvimt.

02

Det Norske Teatret innførte den moderne musikalen i norsk teater. Teatersjef Hans Jacob Nilsen sette i 1949 den amerikanske Broadway-suksessen Oklahomal på repertoaret, og med «Å, for ein strålende morgon» fekk nynorsken sin fyrste popkulturelle hit. I Tormod Skagestads sjefstid (1960–1979), med Egil Monn-Iversens som musikalsk leiar, blei musikalar ei hovudlinje i repertoaret, gjennom profesjonelle versjonar av internasjonale suksessar som West Side Story (1965) og Spelemann på taket (1968), og gjennom nyskrivne norske musikalar som Trost i taklampe (1963) og Ungen (1973)

03

Den offisielle opninga i hovudstaden fann stad 6. oktober 1913. I jubileumsåret vil dette bli feira med open dag på Det Norske Teatret. Hald av datoen!



Der er slagsmaal mellem hndsmaal og riksmaal. Hvad slags maal er da landets maal? Er det krigsmaal?



TEATERSLAGET I 1913

Det Norske Teatret opna i 1913 som eit kampteater for nynorsk. Året før var den omstridde sidemålsstilen til artium innført og gymnasiastar i hovudstaden bestemte seg difor for å demonstrere mot teatret. Gymnasias-tane mobiliserte til pipekonsert mot framсыninga av *Jeppe på Bjerget*, måndag 13. oktober. Målstudentar som kjende til planane var møtte fram og gjekk fysisk til åtak på demonstrantane. Det utvikla seg eit blodig masse-slagsmål inne i teatersalen, i fleire dagar var det stor uro under framсыningane. Den verste opprørsnatta, natt til 17. oktober 1913, kan det ifølgje samtidige aviser ha vore så mange som 20.000 demonstrantar omkring teatret.



FOTO: KARIAN HELLMØ

FOR HUNDRE ÅR SIDAN...

2. januar 1913 spelte Det Norske Teatret si første oppsetjing i Kristiansand. 100 år seinare blir jubileumsåret sparka i gang med ei fest-framsyning i det nyopna kulturhuset Kilden. Det første stykket var – ikkje overraskande, kanskje – *Ervingen* av Ivar Aasen. No, hundre år seinare, blir det høgdepunkt frå eit langt repertoar.

VISSTE DU AT:

Då Det Norske Teatret i 1932 søkte om å få spele Bjørnson på nynorsk, fekk det til svar frå Einar Bjørnson at søknaden måtte skrivast på riksmål fordi «min Mor er for døvhørt til aa forstaa nynorsk».

Det nazistiske Teaterdirektoratet forbaud Edvard Drabløs å spele med gule strømper og raude strømpeband under ei Shakespeare-framsyning i 1941, fordi det blei oppfatta som hån av NS-fargane.

Det Norske Teatret planla å finansiere teaterbygget sitt ved å byggje ein 25 etasjars skyskrapar ved sida av teatret på tomta i Karl Johan-kvartalet.



■ **14. september | Historia om ein soldat.** Gjertrud Jynge fortel *Historia om ein soldat*. Med fokus på 20- og 30-talets musikk og tanke-gods, får vi høyre utdrag frå meis-terverket til Stravinskij/Ramuz, sett saman med arbeidarsongar av m.a. Brecht/Weill. Med: Gjertrud Jynge og Kammerkameleonane ved Catherine Leclerc (klarinet), Kari Rønnekleiv (fiolin), Ole-Henrik Moe (bratsj/sag), Kaja Aadne Thoresen (cello), Sanae Yoshida (klaver).

■ **21. september | Trist og fint** I 12 år har Kaia Huuse markert seg som ein singer/songwriter på morsmålet. Med sitt sterke og kjenslerike uttrykk har ho berørt publikum landet rundt. Her fram-fører ho songar frå heile karrieren sin og også nokre nye.

■ **28. september | The Bluebird Session** Sven Henriksen er kjend for sine tolkingar av Tom Waits. Her koplar han på Charles Bu-kowski og eigne tekstar. Sven Hen-riksen er den einaste som har fått lov av sjefen sjølv til å omsetje og spele inn Waits i Noreg. Med: Sven Henriksen og musikarane Tor Egil Braseth og Gjermund Silset.

■ **5. oktober | Tango for tre** Vi inviterer til ei dansande og sveitt natt med Tango for tre i ei sjeldan konsertoppleving med tra-disjonell argentinsk tango, milon-gas i moderne arrangement, Astor Piazzolla og eigne komposisjonar. Med: Sverre Indris Joner (piano), Per Arne Glorvigen (bandoneón), Odd Hannisdal (fiolin), Steinar Haugerud (kontrabass).

■ **12. oktober | Grounding** Randi Tytingvåg er ein sterk for-midlar med ei særreiga stemme og ekte nærvere. Den siste plata hen-nar, Grounding, har hausta strålan-de kritikkar. Med: Randi Tytingvåg (vokal), Juhani Silvola (gitar, ko-ring), Jo Berger Myhre (bass, gitar, synthesizer), Christian Skaugen (trommer, perkusjon, dobro).

■ **19. oktober | Ein musikalsk duk-kert** Musikalstunt med smakebitar frå dei nyaste musikalane.

■ **26. oktober | Norskjazz.no** Karl Seglem har utvikla eit sterkt, personleg uttrykk, der jazzimpro-visasjon og folkemusikk møtest i ulike samansettingar. Med: Karl Seglem (tenorsaksofon), Andreas Ulvo (flygel), Sigurd Hole (kontra-bass), Jonas H. Sjøvaag (trimmar).

■ **2. november | Snorre, Asbjørn Selsbane** – og Æ av Hans Rotmo Dette er burlesk forteljarateater, nærast stand-up, med mange karakterar og dialektar, fortald på ein uhøgtideleg måte som vender seg veldig direkte til publikum. Med: Paul Ottar Haga. Regi: Otto Homlung.

■ **9. november | I am your fan – ein hyllest til Leonard Cohen** Thomas Bye presenterer *The Best Of Leonard Cohen*, tolka på sin heilt eigne måte. Konserten opp-summerer Cohens karriere, som strekkjer seg over seks tiår. Men Det Store Spørsmålet står att å svare på: Går det framleis an å syngje *Hallelujah*?

■ **16. november | Espen elsker Judy** Judy Garland skal no hyllast i konsertframsyninga *Espen elsker Judy*. Med dei beste av dei beste låtane frå Garlands konsert i Car-negie hall i 1961 og Espens eigne erfaringar som fan av Garland, ligg alt til rette for ein skikkeleg festkveld til ære for dama med dei raude rubinskorne. Med: Espen Bråten Kristoffersen & Henriette Steenstrup. Kapellmeister: Chris-tian Stähler.

■ **23. november | Sigve Bøe, Helge Iberg og Bendik Hofseth** Sigve plukkar frå øvste hylla mel-lom sine musikalske favorittar. Med: Sigve Bøe, Helge Iberg (pi-ano), Bendik Hofseth (saksofon) og Eli Kristin Hansveen (solist frå Den Norske Opera).

■ **30. november | Sesong-avslutning: Julespesial!** Programmet er ei overrasking.

Lunsj & Lyrikk Kvar dag kl. 12 presenterer vi lyrikk til lunsjen i Bikuben. I haust kan du høyre mellom andre Svein Erik Brodal, Bernhard Ramstad, Knut Ødegård, Ida Løken, Christer T. Aannestad og Margreta Nilssen, Hilde Hannah Buvik, Ineke Brink-mann, Pia Borgli, Grethe Ryen, Hilde Olaussen og Jannik Bon-nevie.

BAKSNAKK

PUBLIKUMSTREFF MED PANEL I FORKANT AV FRAMSYNING

■ **ZOO – Er du eit dyremenneske?** Onsdag 12. september kl. 18.00, Bikuben

Vi har større valfridom enn nokon gong, men kor frie er vi eigentleg? Er det mogleg å møte eit anna menneske fullt og heilt? Kven er du utan treningsstudioet, jobben, festane, kursa? Framsyninga *ZOO* utforskar korleis ein møter kvar-andre når sosiale identitetsmerke er viska vekk. Kor mykje har vi eigentleg til felles med dyra? I panelet finn vi ein psykolog og ein forskar i dyreåtferd.

■ **Sorga kler Elektra – Baksnakk spesial med Studio Sokrates, NRK P2** | Laurdag 22. september kl. 14.00, Scene 2

Frå antikk politikk til freudiansk sjelegransking. Korleis ser vi på mellommennes-kelege relasjonar i ei tid da Freuds lære er blitt populærsvitskap? Der filosofien sluttar kan jazzen gi dei tragiske spørsmåla ein ny dimen-sjon. Vi har vore så heldige å få Studio Sokrates – NRK P2s un-derhaldande program om jazz og filosofi – som gjestar til Det Norske Teatret. I «studio» på Scene 2 sit filosof Vigdis Songe-Møller i lag med dei livsvise og kunnskapsrike programleiarane Knut Borge og Lars Nilsen. Programmet blir kry-dra med live musikk med musika-rane og skodespelarane frå *Sorga kler Elektra*.

■ **Jungelboka etter Rudyard Kipling** | Laurdag 6. oktober kl. 16.30, Bikuben

Kipling var det britiske imperiets diktar og i 1907 fekk han Nobel-prisen i litteratur. Kipling var ein folkekjær diktar i si eiga samtid, men han har opplevd mykje kritikk seinare på grunn av den imperia-listiske ideologien. Korleis les vi Kipling i dag? spør vi. Panelet blir kunngjort.

■ **33 variasjonar – Mysteria i musikkhistoria** | Fredag 19. oktober kl. 18.00, Scene 2

Kva var det som fekk Beethoven til å skrive ikkje berre ein men 33 variasjonar over ein vals han ei-gentleg ikkje likte? Musikkhistoria inneheld mange mysterium om forgjering og vakre verk som aldri vart fullførte. Korleis kan nokon bli så besett av noko at ein vier livet sitt til det? Er det draumen om å nå fram til noko heilt utanom det

vanlege, noko einestående, som er drivkrafta? Eller er det mysteriet som er målet? I panelet sit regissør Hilde Andersen og klaverpedagog og arkivar Dag-Trygve Andersen. Pannelleiar er Turid S. Myrholm, seni-orrådgjever kultur, Kirkerådet.

■ **Himmlers fødselsdag** Sachertorte og Wienervals: Tiifellet Austerrike | Laurdag 20. oktober kl. 15.30, Bikuben

Forfattaren Thomas Bernhard talte nådelaut kritisk om heimlandet Austerrike. Han er ikkje åleine om det blant sine landsmenn. Kva er det med Austerrike som skapar slik forakt blant eigne kunstnarar? Elisabeth Beanca Halvorsen er germanist og har følgd Elfriede Jelineks forfattarskap. Sverre Dahl har omsett store delar av Bern-hards romanar til norsk. Saman er dei inviterte til å diskutere nasjo-nen bygt på restane etter eit sen-traleuropeisk rike. Dramaturg Carl Morten Amundsen leier samtalen.

■ **Evita – Søkjelys Argentina** Tysdag 23. oktober kl. 18.00, Bikuben

President Juan Perón avskaffa de-mokratiet, men han og kona Evita blei likevel hylla av det argentinske folket. Korleis var dette muleg? Korleis har Perón-tida og peronis-men farga det politiske landskapet i Argentina slik det ser ut i dag? Og kva rolle spelar eigentleg Chistian Dior i argentinsk poli-tikk? I panelet sit forfattar Kjartan Fløgstad og journalist og doku-mentarfilmskapar Erling Borgen. Dramaturg Carl Morten Amundsen vil leie samtalen.

■ **Bibelen – kan ein dramatisere skrifta?** | Torsdag 8. november kl. 17.00, Bikuben

Bibelen skal setjast opp på Det Norske Teatret med premiere 1. fe-bruar. Vi diskuterer innfallsvinklar, utfordringar og vanskelege val ved dramatiseringa av den grunnleg-gjande teksten for det kristne fel-lesskapet. Regissør Stein Winge og professor og teolog Jorunn Økland sit i panelet. Pannelleiar er dramaturg Carl Morten Amundsen.

■ **PÅ SCENEKANTEN** 06.09. Scene 2: *ZOO* 20.09. Hovudscenen: *Evita* 26.10. Scene 2: *33 variasjonar* 20.11. Hovudscenen: *Evita*

■ **REGISSØRTREFFET SCENE 3** 13.09. *Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre*, Erik Ulfsby møter Carl Johan Karlson

21.09. *Dødsdansen*, Erik Ulfsby møter Sigrid Strøm Reibo

09.10. *Bjørnen*, Erik Ulfsby møter Kristina Kjeldsberg

19.10. *Himmlers fødselsdag*, Erik Ulfsby møter Morten Borgersen

28.11. *Fuck My Life*, Erik Ulfsby møter Per-Olav Sørensen

TETT PÅ: SKODESPELARAR

01

På grunn av stor etterspurnad er *Jungelboka*, i Erik Ulfsbys regi, klar for ein ny haustse-song på Hovudscenen. Der får vi eit gledeleg gjensyn med **Geir Kvarme** som ein noko omtåka boksar i Baloo's skap-nad. Kvarme vil òg vere å sjå som «Den fine herren» i *Dei seksuelle nevrosane til forel-dra våre* på Scene 3. For man-ge er Kvarme eit kjend fjes frå diverse teateroppsetjingar på Oslo Nye Teater og National-theatret, men ikkje minst frå TV-seriar som *Fredrikssons fabrikk* og *Jul i Blåfjell*.

02

Bjørn Skagestad gjestar endeleg Det Norske Teatret igjen, som Beethovens se-kretær, Anton Schindler, i *33 variasjonar*. Det er 27 år sidan Bjørn spelte her sist! Han har vore tilsett ved Nationalthea-tret sidan 1988 og har tolka fleire store Ibsen-karakterar. Han er for mange ei kjend stemme frå Radioteatret, og fleire vil kjenne han att som karakteren Erlend i spelefil-men *Kristin Lavransdatter*.

03

I vår fekk **Torbjørn Eriksen** Heddaprisen for Årets beste mannlege birolle/medspelar for si tolking av Orin i den kritikarhylla framsyninga *Sorga kler Elektra*. I haust kan du oppleve han både som Orin og i rolla som Werther i publikumssuksessen *Unge Werthers lidingar*, som går for fjerde sesongen på rad. Til våren skal han spele sjølv-aste Jesus i Stein Winges oppsetjing av *Bibelen* på Ho-vudscenen.



EKTEMANNEN TIL EVITA

Jon Bleiklie Devik blei for alvor kjend for publikum ved Det Norske Teatret gjennom suksessmusikalen *Next to Normal*. Der spelte han den oppofrande ektemannen til Heidi Gjermundsen Brochs bipolare ka-rakter. No er han igjen aktuell som husbonden til nemnte skodespelar – i den storslegne musikalen *Evita*. Denne gongen er det den tidlegare argentinske presidenten, Juan Domingo Perón, Devik skal gi liv til. Skodespelaren peikar sjølv på det tette og gode samarbeidet med Gjermundsen Broch som dei byggjer vidare på frå *Next to Normal*: «Vi har dei same tankane om teater og musikk og musikk i teatret», utdju-par han. Bleiklie Devik kom til DNT frå Den Nationale Scene i Bergen, der han gjennom 5 ½ år m.a. spelte i *Forvandling*, *Dogville* og *Lady Macbeth*. Han blei henta hit i samband med *Katt på heitt blekk*, til rolla som Pastor Tooker, og har sidan vekt oppsikt i så vel store Hovudscene-produksjonar som i smalar oppsetjingar på Scene 2 og Scene 3, sist som Han som jobbar i *Norge-Brasil* og maskinisten Johann i *Das Boot*. Skodespelaren er like komfortabel på små scenar som på store – «det er ikkje formatet som er vik-tig, men at ein jobbar saman med bra folk og ein god regissør, slik som i *Evita*.», slår han fast.



ALLSIDIG PRISVINNAR

Gjertrud Jynge er ein særdeles all-sidig skodespelar som meistarar dei fleste spelestilar. Ho skiftar lett frå Anna Karenina via ein leiken Frø-ken Harepus til ein stilisert og episk spelestil i Det gode mennesket frå Sezuan. For denne allsidigheita blei Jynge heidra med Heddaprisen 2012 for beste kvinnelege birolle for si tol-king av Maria Steuber i Tida og rom-met og for Christina Mannon i *Sorga kler Elektra*. Til hausten held ho fram som Fru Mannon i denne prisdryssa kritikarsuksessen i regi av Eirik Stubø. I tillegg hiv ho seg i kast med *Himmlers fødselsdag* av Thomas Bernhard, der ho skal spele Clara.

TEATER FOR BARN&UNGE:

Gjøglaren er nytt barneteater basert på ei klassisk legende frå middel-alderen og passar godt for barn frå fire år. Det Norske Teatrets juleframsyning kan du oppleve frå 8. november.

Kvar laurdag frå 22. september kan barn og vaksne bli med på ei fantasirei-se i Eventyrforteljeteaterstund på Scene 3. Passar frå tre år.

Jungelboka kjem opp i ny og pussa versjon 6. oktober. Framsyninga blei ei kultframsyning blant ungdom da den blei vist i 2008, men passar også for dei som er ni år.

HUGS OGSÅ:



FÅ TILSENDT SKOLEBROSJYREN

Er du lærer og på jakt etter spennende og kreativt alternativ til tradisjonell klasseromsundervisning? Vi lagar kvar sesong eit program for skoleelvar på ulike trinn kor vi bruker teaterframsyningane våre som inngang til pensum. Elevane ser stykket og kan m.a. bli med på kreative teaterverkstader leia av skodespelarar og dramatistar, skrive egne manus og prøve seg på scenen. Som ekstra bakgrunnsmateriale blir det skreddarsydd eit pedagogisk materiell til bruk i klasserommet. **Send ein e-post i dag til siri.hansen@detnorsketeatret.no og få sesongprogrammet for skolar i posten.**



GRIP DAGEN PÅ DET NORSKE TEATRET

Vi held fram med det populære matinéprogrammet vårt og ønskjer velkommen til teater på dagtid.

Sjå tre matinear for berre kr 175 pr billett! Kjøp billett til minimum tre ulike matinéframsyningar samtidig og betal berre kr 175 pr billett – uavhengig av førpris. Total pris kr 525. Ver rask med bestillinga da det er avgrensa tal på plassar!

For informasjon om programmet og speleplan, sjå www.detnorsketeatret.no eller kontakt billett-luka på 22 42 43 44.

EIT TEATER FOR MØTE, KURS OG FEST

Teatret er ei flott ramme rundt alt frå private samankomstar til store bankettar. Med nyoppussa foajéområde og nye folk bak grytene ligg alt til rette for eit hyggeleg arrangement. Her kan du pleie kundar og tilsette, lansere nye produkt, ha julebord eller halde sommarfest. Vi har lang erfaring med å sy saman ulike typar selskap og bidrar aktivt med idear og kompetanse for at du og gjestane dine skal få ein spesiell kveld hos oss.

Kontakt oss på 22 47 38 00 for meir informasjon.



FØLG OSS PÅ FACEBOOK!

Teatrets fanskare på Facebook veks jamnt og trutt, no vil vi også ha DEG som venn! På Facebook-sida vår får du vite kva som går for

seg i kulissane, du får møte skodespelarar og regissørar, vi legg ut masse spennande film, video og bilde frå prøver og verkstader og du kan vinne konkurransar og få i-siste-liten tilbod. Og ikkje minst kan du lese kva folk meiner om stykka våre og sjølv komme med synspunkt på noko du har sett. Vi held deg laupande oppdatert på alt det er verdt å vite om eit hus fullt av drama! Bli med på www.facebook.com/detnorsketeatret



GJER TEATERBESØKET TIL EI TOTALOPPLEVING!

Pirr smakssansane med eit besøk i Kafe Love.

Opningstider:

Måndag 11-17 | Tysdag-torsdag 11-00,30 (kjøkken til 23).

Fredag-laurdag 11-02 (kjøkken til 23).

Prøv

DAG OG TID

– den nynorske vekeavisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøvenummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



– Kva planar har du for hausten?

– Eg skal spele *Evita*, lenger har eg ikkje tenkt. Det er fint å vere attende her på teatret; som å komme heim. Ein kjenner godt kor ein har slege rot.

– Kva replikk hugsar du best frå stykka du har vore med i?

– «Eg skulle ønskje at den altfor faste kroppen fekk smelte, tine og flyte vekk som dogg.» Det er opningsreplikken til Hamlet som eg nett gjorde i Tromsø. Det er sterke ord, synest eg. Han ønskjer at han kunne døy i staden for å leve her.

– Kven av rollefigurane dine ville du ha helst ha stått fast i heisen med?

– Anten Hamlet eller Judas. Kanskje baa to? Eller, det vert kanskje litt heftig... Det kjem litt an på kor hen dei er i historia. Det er ein del ting eg ville ha spurd dei om. Problemet er jo at eg veit meir enn dei om kva som skjer. Eg kunne ha gitt dei nokre åtvaringar og rådd dei til å ta det med ro. Lett å seie til dei to...

– Kva livsvisdom har du lært så langt i livet?

– Å setje pris på det å vakne opp her, i dette landet, sjå ut vindaug og tenkje: *Ah, another day in paradise*. Eg trur det var Mads Gilbert som sa det i ein dokumentar. Og så lever eg rett og slett etter *Slapp av, relax*. Stundom må ein stoppe opp og sjå livet sitt utanfrå, både når det går bra og når det går dårleg. Det trur eg er sunt.

– Korleis koplar du best av?

– I bunaden min! Altså joggebukse, kjempestor T-skjorte og tjukelabbar, med Hellstrøm eller Hell's Kitchen på fernsynet.

– Kva framkomstmiddel likar du best?

– Føtene mine; det er dei eg brukar mest. Eg likar godt å køyre bil, men om eg har valet mellom å gå eller å ta buss eller t-bane, vel eg helst å gå.

– Kva yrke hadde du valt om du ikkje skulle vere skodespelar?

– Eg hadde aldri valt på nytt! Det er ingen annan jobb eg kunne tenkje meg. Eller; det fine med å vere skodespelar er at eg får prøve mange ulike ting for ein periode, og så går eg vidare.

– Kva seier du til deg sjølv i spegelen om tjuve år?

– Hm, då er eg 51... «Joss, du har ikkje fått skjegg enno!?» No må eg jo omtrent vise leg når eg skal kjøpe mjølk og eg har ikkje trua på at det kjem til endre seg så mykje...

– Kva er den beste maten å ete før du skal spele ei framsyning?

– Noko lett, som salat eller sushi. Mat som gjer meg mett men samstundes gjer at eg har litt å gå på. Eg plar bli svolten att mellom første og andre akt – då et eg til dømes cottage cheese. Eg hugsar ein gong eg åt komler før eg skulle spele Peter Pan... Det må ha vore den eine dagen eg trefte bakken i ein av flygescenane...

– Kva MÅ du hugse å gjere før du går på scenen?


– Å pusse tennene! Eg må liksom føle meg litt «fresh». Elles endrar rutinane seg etter kva framsyninga eg spelar. Før *Evig ung* må eg til dømes velje slipset sjølv. Då har eg ein dunge som eg plukkar frå. Når det er helg vert det helst litt skimrande, sterke fargar. Karakteren min er jo gammal teatersjef og likar å pynta seg, sjølv om han ikkje er heilt klar over kor han skal eller kvifor han er der... Det er i grunnen ein fin livsvisdom, det òg: Eg skjønar ikkje heilt kvifor eg er her, men det er jammen flott å leve.

10 minutt med FRANK KJOSÅS

ALDER: 31

STATUS: Skodespelar på Det Norske Teatret sidan 2006

AKTUELL: Che i *Evita*



SKODESPELARAR 2012

DET NORSKE TEATRET



Ane Dahl Torp
Permisjon



Bernhard Ramstad
Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre/Gjøglaren



Bjørn Skagestad

33 variasjonar



Britt Langlie

Himmels fødselsdag



Charlotte Frogner

Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre/Jungelboka



Elisabeth Sand

Kunstnarleg leiar Bikuben



Ellen Dorrit Petersen

Permisjon



Espen Løvås

Sorga kler Elektra/Evita



Frank Kjosås

Evita/Gjøglaren



Gard Skagestad

Dødsdansen



Geir Kvarme

Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre/Jungelboka



Gjertrud Jynge

Sorga kler Elektra/Himm- lers fødselsdag



Grethe Ryen

Evita/Gjøglaren



Heidi Gjermundsen Broch

Evita



Hilde Olausson

Evita



Hildegun Riise

33 variasjonar



Herborg Kråkevik

Kjære Landsmenn



Ingeborg Sunderhagen Raustøl

Evita/Gjøglaren



Ingrid Jørgensen Dragland

Dødsdansen



Ingunn Beate Øyen

Vi som er hundre



Jan Grønli

Sorga kler Elektra/33 variasjonar



Joachim Rafaelsen

ZOO



Jon Bleiklie Devik

Evita



Jon Eivind Gullord

Jungelboka



Jonas Georg Digerud

Jungelboka



Jorunn Kjellsby

Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre



Kash King Gashamura

Jungelboka



Kirsti Stubbø

Sorga kler Elektra/33 variasjonar



Kristin Grue

Evita/Sorga kler Elektra/ Gjøglaren/Vi som er hundre



Kyrre Hellum

ZOO/33 variasjonar



Kyrre Haugen Sydness

33 variasjonar



Lars Jacob Holm

Jungelboka



Lasse Kolsrud

Sorga kler Elektra



Marianne Krogh

33 variasjonar



Marie Blokhus

Sorga kler Elektra/Black- bird/Unge Werthers lidingar



Marit Kolbræk

Evita



Niklas Gundersen

Evita/Jungelboka



Nina Woxholt

Jungelboka



Øyvind Berven

Evita



Pål Christian Eggen

Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre/Sorga kler Elektra/Jungelboka



Paul Åge Johannesen

Evita



Paul-Ottar Haga

Dødsdansen



Per Schaanning

Permisjon



Ragnar Dyresen

Evita/Gjøglaren



Ragnhild Hilt

Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre/Vi som er hundre



Sigurd Myhre

Bjørnen/Evita



Sigve Bøe

Evita



Silje Storstein

Bjørnen /Evita/Gjøglaren



Ståle Bjørnhaug

Himmels fødselsdag



Svein Roger Karlsen

Dei seksuelle nevrosane til foreldra våre/Jungelboka



Svein Tindberg

Abrahams Barn



Thomas Bye

Permisjon



Tobias Santelmann

Unge Werthers lidingar



Tomm Percy

Gjøglaren



Torbjørn Eriksen

Sorga kler Elektra/Unge Werthers lidingar



Trini Lund



Trond Teigen

Evita



Unn Vibeke Hol

Evita



Vidar Magnussen

Permisjon



DET NORSKE
ET ANNERLEDES OLJESELSKAP

Som stolt sponsor bidrar vi til at Det Norske Teatret kan presentere eit nytt eventyr i eit norsk miljø.

Det norske oljeselskap ønskjer alle ei flott oppleving.

